

# Årsrapport 2024

Bjørgvin biskop og bispedømeråd



Kristenretten 1000 år og Landslova 750 år gav grunn for å feira verdiåret 2004 i Bjørgvin. Foto: Gudstenesta på Moster, 2. juni 2024.

# Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.



Den norske kyrkja strategi for 2022-2029	Kyrkja opnar rom for tru 3.B.1	Kyrkja er der livet vert levd 3.B.2	Kyrkja er meir for fleire 3.B.3
 <b>Kyrkja for den enkelte</b>	Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet <b>3.B.1.1</b>	Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar <b>3.B.2.1</b>	Gjev tilhørsle og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt <b>3.B.3.1</b>
 <b>Kyrkja i samfunnet</b>	Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle <b>3.B.1.2</b>	Bidreg til å verkeleggjere berekriftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt <b>3.B.2.2</b>	Motverkar utanforskarp og utforskar nye måtar å vere kyrkje på <b>3.B.3.1</b>
 <b>Kyrkja som organisasjon</b>	Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje <b>3.B.1.3</b>	Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar <b>3.B.2.3</b>	Skapar ein mangfoldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena <b>3.B.3.3</b>



DEN NORSKE KYRKJA

Offentleg versjon 9. mai 2025.

Rapporten er basert på førebelse tal frå SSB, kvalitetssikra pr. 17. mars. Endelege offisielle  
tal for 2024 kjem i juni 2025.

I: Tilstandsrapport frå leiarane .....	1
II: Introduksjon til bispedømet og hovudtal.....	3
Organisasjonsstruktur/organisasjonskart .....	4
Meir himmel på jord – nokre historiar.....	5
2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2024.....	6
2 B. Volumtal 2019-2024 .....	7
III: Aktivitetar og resultat i 2024 .....	8
3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin .....	8
3 B. Omtale av resultat og måloppnåing .....	9
3.B.1. Kyrkja opnar rom for tru.....	9
3.B.1.1. Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet .....	9
3.B.1.1.1 Gudstenestelivet.....	9
Nattverd.....	10
Skule- og barnehagegudstenester .....	10
3.B.1.1.2 Samisk språk i gudstenester.....	12
3.B.1.1.3 Kyrkjelege handlingar .....	13
Dåp.....	13
Konfirmasjon.....	14
Vigsler .....	15
Gravferder .....	15
3.B.1.1.4. Ungdom og unge vaksne.....	16
Ungdomsdemokrati.....	17
Gudstenester for ungdom .....	17
3.B.1.1.5 Trusopplæring .....	18
3.B.1.2. Fremjar verdiar som utfordrar og som bygger eit godt samfunn for alle .....	21
3.B.1.2.1. Kyrkja i det offentlege rommet .....	21
3.B.1.2.2. Samhandling med trus- og livsynssamfunn.....	21
3.B.1.3. Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekirkje.....	22
3.B.1.3.1. Rekruttering .....	22
3.B.1.3.2. Kyrkjeorganisasjonen .....	22
3.B.1.3.3. Kompetanseutvikling.....	23
3.B.2. Kyrkja er der livet blir levd .....	23
3.B.2.1. Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar .....	23
3.B.2.1.1. Konserter og kulturrangement .....	24
3.B.2.1.2. Kulturarv .....	25
Opne kyrkjer .....	25
Pilegrimsarbeidet.....	25
Samarbeid om kulturarv.....	25

Jubileum for kristenretten og Magnus Lagabøtes Landslov .....	26
3.B.2.2. Bidrar til å verkeleggjera berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt.....	27
3.B.2.2.1. Diakoni .....	27
3.B.2.2.2. Menneskeverd og vern om skaparverket .....	28
Vern om skaparverket – grøne kyrkjelydar.....	29
FNs berekraftsmål .....	29
3.B.2.2.3. Klima og miljørarbeid .....	29
3.B.2.3. Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar .....	30
3.B.2.3.1. Misjon.....	30
Misjon og vennskapssamarbeid.....	30
3.B.2.3.2. Vennskapsbispedøme .....	31
3.B.2.3.3. Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar .....	31
3.B.3 Kyrkja er meir for fleire .....	33
3.B.3.1. Gir ein stad å høyra til, skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt	33
3.B.3.1.1. Digital kyrkje .....	34
3.B.3.1.2. Universell utforming og inkludering .....	34
Inkluderande kyrkjeliv .....	34
3.B.3.1.3. Kyrkjelydsbygging - møteplassar og fellesskap.....	35
3.B.3.1.4 Frivillig teneste.....	36
3.B.3.1.5. Fellesskap for nye i Noreg og flyktningearbeid.....	37
3.B.3.1.6. Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet.....	37
3.B.3.1.7. Digitale verktøy .....	38
3.B.3.1.8 Deltaking i kriseteam og beredskapsråd .....	38
3.B.3.2. Skaper ein mangfoldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass .....	39
3.B.3.2.1. Trivsel og arbeidsfellesskap.....	39
3.B.2.2 Presteteneste .....	39
3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd .....	41
Biskopens nyårsommottaking.....	41
3.C.1 Visitasar .....	41
IV: Styring og kontroll i verksemda .....	42
4.A. HMT/Arbeidsmiljø.....	42
Personalpresten .....	43
Retreat og åndeleg rettleiing .....	43
Arbeidsrettleiing (ABV) .....	43
4.B. Likestilling .....	44
4.C Vurdering av internkontroll .....	45

# I: Tilstandsrapport frå leiatarane

---

**Kort intro om denne “årsrapporten”:** Bispedømerådet skal frå 2024 ikkje levere årsrapport til Kyrkjerådet. Denne årsrapporten er difor skrive til bispedømerådet og andre organ i Bjørgvin bispedøme, som hjelpt til å reflektere over “kva er dei gode strategiske vala for dei neste åra”.

Difor er underskrivar stiftsdirektør, der ein tidlegare har levert årsmelding til Kyrkjerådet, underskriven av rådsleiar og biskop.

Denne rapporten vil løfte fram alt som det er å glede seg over i Bjørgvin bispedøme, men også reflektere over utfordringsbildet. Det skjer mykje godt arbeid kvar veke i alle kyrkjelydane! Noko av dette kan ein måle i tal, men mykje handlar om kvalitet i møte mellom folk og kyrkje, i både kvardag, sorg og fest.

I 2024 var jubilea rundt Kristenretten og Magnus Lagabøtes landslov sentrale. Verdisamtalar, jubileumssamlinga på Moster og andre stader i bispedømet er døme på nokon av dei spanande samlingane som fant stad. Det vart mange gode arrangement langs kysten.

Ein lukkast ikkje på same måte å kome ut på skular og i kyrkjelydane med undervisningsopplegget som vart laga. Det er likevel verd å merke seg bispedømet si satsing på å kome ut på ulike digitale flater ved å ha ei prosjektstilling på dette har vore ein vellukka del av ungdomssatsinga i Bjørgvin. Videoane om Kristenretten og andre videosnuttar med Thor Haavik på ulike tema hadde nær 3 millionar treff, og ei sendetid som svarar til at om lag 400 deltakar hadde vore på 50 gudstenester.

Satsinga på ungdom og unge vaksne har mange ulike element. Satsinga i St Jakob er kanskje mest synleg sidan det der no er særskilt mykje godt som skjer. Samarbeidet med Norges KFUK-KFUM rundt Ung i Bjørgvin er meir usynleg, særleg den delen som hjelper kyrkjelydane til å starte opp eller utvikle ungdomsarbeid lokalt. Fem kyrkjelydar sökte om å få vere med på dette, og til dømes i Skjold er det no etter to års systematisk arbeid etablert eit ungdomsarbeid med stort lokalt eigarskap hos ungdommane i kyrkjelyden. Her har kompetanse frå ein ungdomsorganisasjon arbeidd tett med kompetansepersonar i lokal kyrkjelyd, og kyrkjelyden har våga å la seg bli utfordra på korleis ein nyttaressursane og korleis ein metodisk arbeider for å høyre kva ungdom lokalt ønsker skal skje.

Konfirmantleiren Camp Vestland er også ein del av prosjektet, og det er ein kultur for at sjølv om det er KFUK/M som er inne, så sender kyrkjelyden konfirmantane på KRIK sin konfirmantleir. Det er to store leiarar på Framnes der KRIK brukar vinterferien og KFUK/M haustferien. I Nordfjord, Sunnfjord, Nordhordland og Sunnhordland er bispedømet sitt Saman team inne som ressurs for desse konfirmantfestivalane. Det er også systematisk arbeid med leiartrening rundt desse prosjekta. Bispedømet har også arbeidd systematisk med Vegkryss, ei samling for unge leiatarar og der også ungdomsdemokratiet inngår.

Året 2024 vart og prega av rekrutteringsutfordingane og strammare økonomiske rammer. Mykje tid og energi går med på å prøve å fylle opp med vikararar og andre løysingar der det er vakansar. Dette tek og leiarkraft vekk frå meir strategisk og langsiktig tenking. På bakgrunn av dette har bispedømerådet starta eit arbeid med å sjå på ressursfordeling, forordninga og nye arbeidsmåtar. Visitasane er viktig del av dette arbeidet og det er arbeidd med nye modellar for å leie saman, med mellom anna SOL-samtaler (*Saman om å leie*) som er på plass frå 2025. Det er i hovudsak stabil og i god drift i kyrkjelydane, og dette er det viktig at ein og gjev merksemrd, slik at ein ikkje lagar eit bilde av at der ikkje er ressursar eller folk.

Vi kan glede oss over gode tal på deltaking i konfirmasjon, men med ein liten nedgang som vi følgjer med på. Bispedømet har hatt satsing på ungdom og unge vaksne i over 11 år, og det er difor gledeleg at det og syner seg å gje gode resultat. Systematisk arbeid og ikkje minst langsigtig vilje frå bispedømerådet til å prioritere har vore heilt naudsynt for å kome dit.

Vi nærmar oss 2019-tal på mange område, og det er gledeleg. Det vert arbeidd systematisk og godt i kyrkjelydane.

Bergen, 5. mai 2025

Jan Ove Fjellveit  
Stiftsdirektør

## II: Introduksjon til bispedømet og hovudtal

---

Bjørgvin bispedøme er del av det nasjonale rettssubjektet Den norske kyrkja og rapporterer til Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

Bjørgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, og 950 års-jubileet vart markert i 2018. Bispedømerådet har 10 medlemer som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet.

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av lov om tros- og livssynssamfunn, kyrkjeordninga for Den norske kyrkja, tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå Kyrkjerådet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelige livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremje samarbeid mellom dei enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni.

Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet hadde fram til utgangen av 2023 ansvar for å tilsetja prostar, kyrkjelydsprestar, studentprestar og fengselsprestar. Frå 2024 vil tilsetjingar skje i eit tilsettingsråd der prosten, ein representant for stiftsdirektøren, ein representant for soknerådet og ein tenesterepresentant for prestane er med. Bispedømerådet vil framleis tilsetje prostar. Bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leier prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Bjørgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Bjørgvin bispedøme er «Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd».

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Desse områda er mest synlege:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Diakoni
- Kyrkjemusikk og kultur
- Pilegrim
- Misjon

Bjørgvin bispedømeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømeråd ønskjer at folkekirkja skal vera ei tydeleg til stades både i byar, tettstadar og grisgrendte strok av bispedømet.

I Bjørgvin bispedøme var det pr. 31. desember 2024 170 sokn med tilhøyrande sokneråd<sup>1</sup>. Det er 43 kommunar og med det 43 kyrkjelege fellesråd. Bispedømet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).




I bispedømet er det 11 prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei andre kyrkjelege tilsette har i hovudsak fellesrådet som arbeidsgjevar.

I Bjørgvin bispedøme er det pr. 31.12.24 tilsett prestar, prostar og biskop i 162,3 årsverk. Av desse er 144,3 årsverk i kyrkjelydspresteteneste. Ved bispedømekontoret er det tilsett 14 personar i 13,8 årsverk.

Bjørgvin bispedøme er geografisk samanfallande med Vestland fylke med til saman 655 210 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med 293 709 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemer (døypte) av Den norske kyrkja er høgast. 68,0 prosent er kyrkjemedlemer i Bjørgvin mot 61,6 prosent i snitt for heile landet.

## Organisasjonsstruktur/organisasjonskart



<sup>1</sup> Både Aurland og Masfjorden har felles sokneråd for fleire sokn i fellesrådet..

# Meir himmel på jord – nokre historiar

**Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.**

## Kyrkja opnar rom for tru



### Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet

Sokneprest Torbjørn Sæle møter ekstra mange born og vaksne når det er supersøndag i alle dei tre kyrkjene i Masfjorden same dagen. Desse tre kyrkjene har over 40 % auke i besøkstala i 24.



### Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle

«Guds fire døtre», rettferd, sanning, miskunn og fred er sentrale tema i Bibelen og Landslova. Desse prega biskopen sine verdisamtalar i domkyrkja og verdiseglas frå Egersund til Trondheim.



### Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje

80 unge var samla til konferansen Vegkryss med ungdomsting. Ungdomsleiarar frå ulike delar av bispedømet deler idear og inspirasjon. Samråd for sokneråda i 2025 vil læra av denne modellen.

## Kyrkja er derlivet blir levd



### Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar

I samarbeidsprosjekt med støtte frå EU, har forskarar frå Lisboa og Bergen sett på kva gamle kyrkjebygg betyr for lokalbefolkinga. Dei involverer lokalbefolkinga og vil skape ein arena som femner breiare enn aktive kyrkjemedlemer. Fana kyrkje representerer Bergen i prosjektet.



### Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt

Kyrketorget i Florø har på eitt år blitt forsamlingslokale, bruktbutikk og kyrkjekontor. Huset er ein møteplass med mange høve til frivillig innsats for lokalsamfunnet, bl.a. internasjonal middag.



### Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar

“Foreldreaksjon for en tryggere ungdomstid i Fana” engasjerer foreldre i kampen mot rus og kriminalitet blant stadig yngre ungdom. Kyrkja er ein sentral aktør i prosjektet.

## Kyrkja er meir for fleire



### Gjev tilhørsle og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt

Det vart i 2024 danna venelag, både for Bremnes kyrkje og Lykling kyrkje på Bømlo. Frivillige samlar inn midlar for oppgraderingar og vedlikehald og mykje arbeid blir også utført på dugnad.



### Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på

I Luster har kyrkja starta møteplassen Kvild med kafédrift og sal av garn. Det har blitt mange samtalar og med ein «skravlekopp» på bordet, viser du at du er open for ein prat.



### Skapar ein mangfoldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena

I Slettebakken er det eit viktig mål at ungdomane finn sin plass også etter konfirmasjonsåret. Unge leier mange aktivitetar, og ei opa kyrkje tek ungdommane eigarskap i. Menighetsrådet har fem medlemer rekruttert frå arbeidet, og leiar Anders (22), er nok yngst i si rolle i Bjørgvin.

## 2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2024

### Medlemstal

Prosti	Sokn	Medl. (døpte)	Inn- byggjar -tal	Med- lems- prosent	Inn- melde	Ut- melde	Endringar i medl.tal siste fem år	Endringar i medl.tal 2023-2024
Bjørgvin (11 prosti)	176	445943	654448	68,1%	403	1728	- 3,08 %	- 0,63 %
Bergen * domprosti	6	41594	74380	55,9%	51	258		- 1,52 %
Fana	7	71451	107107	66,7 %	52	318		- 0,28 %
Åsane	11	48779	72669	67,1%	46	211		- 0,65%
Bergens- dalen	9	44270	78975	56,1 %	65	231		- 0,44 %
Sunn- hordland	23	45909	60854	75,4%	45	142	- 2,64%	- 0,38 %
Nord- hordland	13	28501	38243	74,5%	27	95	- 0,45%	- 0,83%
Vest- hordland	10	50494	70399	71,7%	48	201	- 0,28%	- 0,28%
Hardanger og Voss	27	33379	44327	75,3%	20	88	- 4,25 %	- 0,89 %
Sogn	26	22459	29677	75,7 %	15	44	- 3,89 %	- 0,65 %
Sunnfjord	17	34899	45611	76,5%	19	89		- 0,84 %
Nordfjord	27	23963	31781	75,4 %	14	51		- 0,92 %

Kjelde: Medlemsregisteret for Den norske kyrkja, Kirken i tall og Kirka vår.

\* Samla tal for Bergen by er 177391 medlemmer av 293385 innbyggjarar, 60,5% medlemsprosent (61,3% i 2023)

## 2 B. Volumtal 2019-2024

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring siste år
<b>Dåpshandlingar*</b>	4126	3554	3901	4131	3658	3898	+6,6 %
<b>Registrert døypte*</b>	(3984*)	(3435*)	3818	4040	3606	3792	+5,2 %
<b>Fødde</b>	6638	6423	6795	6221	6096	6354	+ 4,2%
<b>Del utførte dåps-handlingar av fødde</b>	62,16%	55,33%	57,41%	66,40%	60,01%	61,35%	
<b>Del registrert døypte av fødde</b>	60,02%	53,48%	56,19%	64,94%	59,15%	59,68%	
<b>Konfirmerte</b>	5108	4942	4877	4730	4852	4801	-1 ,05%
<b>Kyrkjelege vigslar</b>	748	558	596	948	791	832	+5,2 %
<b>Kyrkjelege gravferder</b>	4214	4189	4247	4683	4386	4334	- 1,1%
<b>Gudstenester totalt **</b>	8161	6797	7486	7793	7584	7390	-2,56 %
<b>Gudsteneste-deltakarar totalt</b>	722416	320596	348364	576395	585016	604134	+3,27%

\* Dåpstala er oppdatert 9.04.25 etter «Kirken i tall», som ikke oppgjør talet på døypte i 2019 og 2020 fordi det var usikker rapportering, tala i parentes er tidlegare tal.

\*\* Gudstenestetala og deltakartala er oppdatert 9.04.25 etter «Kirken i tall».

Det er ein auke i dåpstala og i dåpsprosent frå 2023 til 2024. Det var 6,6% fleire dåp i kyrkjene i Bjørgvin.

# III: Aktivitetar og resultat i 2024

## 3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin

Strategiske mål	Resultatmål	
<b>Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet</b>	Oppretthalde talet på deltagarar i gudstenester	Gjennomsnitt sundag går opp frå 75 til 82 Gjennomsitt alle gudstenester frå 77 til 82 
	Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenesta	12 sokn rapporterte om gudstenester med samisk innslag. Dette er 2 meir enn i 2023. 
	Oppslutninga om kyrkjelege handlingar blir halden oppe	Talet på gravlagde i høve til tal på døde går litt ned, men i høve døde medlemer går det litt opp. Fleire gifter seg i kyrkja. 
	Born og unge lærer om kyrkje og tru	Oppmøte på opplæringstiltak i prosent av medlemmar. Auke frå 35,23 % i 2023 til 37,14 % i 2024. 
	Oppslutninga om dåp vert halden oppe	Talet på døypte og dåpshandlingar aukar, også delen dåpshandlingar av fødde. 
	Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe	85 % av døypte 15 - åringar blir konfirmerte. I høve alle 15 – åringar er det ein nedgang frå 60 til 59 %. 
<b>Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje</b>	Rekruttering til kyrkjelege stillingar vert styrka	Det vart lyst ut 24 stillingar i 2024. Det vart tilsett 14 prestar, dette er ein auke frå 2023 (10 tilsett) 
	Styrka kompetanseutvikling	I Bjørgvin gjennomførte tilsette i 2024 163 e-læringskurs. 
<b>Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar</b>	Vekst i talet på deltagarar på konsertar og kulturarrangement	Det er auke i talet på deltagarar frå 174471 til 194973 Det nærmar seg talet frå 2019 (200913). 
	Styrke og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt	Talet på sokn med opne kyrkjer auka frå 71 til 73 og talet på sokn med pilegrimskyrkje auka frå 6 til 9. Talet på dagar med opne kyrkjer gjekk ned frå 2566 til 2520. 
<b>Bidrar til å verkeleggjera berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt</b>	Fleire kyrkjelydar med diakonal satsing	Talet på møteplassar har gått ein tanke ned, men til dømes sokn med tilbod om middagsfellesskap har auka frå 43 til 55. 
<b>Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vera kyrkje på</b>	Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg	Kyrkjelydar som har integrerings-arbeid for innvandrarar har auka frå 44 til 65 (?) 

<b>Skaper ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og arena for frivillige</b>	Kyrkjelege medarbeidrarar trivest i jobben	Samla sjukefråvær for prestane og adm. er 6,06 % , 4,69 % for presteskapet åleine. Dette er ein auke i høve til 2023.	
	Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja	Tal på frivillige aukar frå 10946 til 11315	
	Kyrkja sitt digitale nærvær aukar	Vi manglar statistikk for nettsidene, men følgjarar på biskopen sin facebook aukar.	
	Samarbeidet mellom kyrkje og skule blir styrka.	Tal på skulegudstenester gjekk ned frå 380 til 373.	

## 3 B. Omtale av resultat og måloppnåing

### 3.B.1. Kyrkja opnar rom for tru

#### 3.B.1.1. Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet

##### 3.B.1.1.1 Gudstenestelivet

**Resultatmål: Oppretthalde talet på deltakarar i gudstenester**

**Indikator: Gudstenestedeltaking/frekvens (SSB)**

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring siste år %
Gudstenester totalt	<b>8161</b>	<b>6802</b>	<b>7486</b>	<b>7794</b>	<b>7584</b>	<b>7390</b>	-2,56
Gudstenestedeltakarar totalt	722416	320675	348364	576558	585016	604134	3,27
Gjennomsnitt tot	89	47	47	74	77	82	6,49
Søn- og helgedags-gudstenester	6341	5399	6082	6042	5859	5565	-5,02
Deltakarar søn- og helgedags gudst	571337	265805	284141	444193	438975	454874	3,62
Gjennomsnitt søn- og helgedagsgudst.	90	49	47	74	75	82	9,33
Andre Gudstenester	1820	1403	1404	1752	1725	1825	5,80
Deltakarar andre gudstenester	151079	54870	64223	132365	146041	149260	2,20
Gjennomsnitt andre gudstenester	83	39	46	76	85	82	-3,53

## Færre gudstenester, fleire på gudsteneste

3,3% fleire gjekk til gudsteneste i 2024, trass i at det samla talet på gudstenester i 2024 var lågare enn i 2023. Nedtrekket skuldast at ein medvite har hatt færre søndagsgudstenester for å tilpassa til lågare bemanning, til dels også på grunn av vakansar. Det er ein auke i fleire gudstenester utanom søn- og helgedagar og dette kan tyda på at ein har flytta nokre hovudgudstenester til ein annan dag og at kvardagsmesser vert prøvd ut og er populært. I dette talet er og gudstenester knytt til kyrkjeleg undervisning og opplæring (tidlegare trusopplæring) i dette talet.

Det totale oppmøtet per gudstenestene er høgare enn i 2023, gjennomsnittleg deltaking total deltaking og søn- og helgedagsgudstenestene har gått opp frå 77 og 75 til 82.

## Nattverd

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring siste år
Gudstenester med nattverd	4468	2394	2925	3722	3718	3676	-1,13%
Nattverdsdeltakarar	157051	70567	72590	113284	125877	134721	+7,03%
Gj.snitt nattverddeltaking	35,2	29,5	24,8	30,4	33,9	36,6	+8,25%

### Auka nattverddeltaking for femte år på rad

Talet på nattverddeltakarar har gått opp 7% siste år sjølv om det var 1% færre nattverdsgudstenester. Gjennomsnittleg deltagarar er gått opp frå 33,8 til 36,6 og er no over gjennomsnittsnivået i 2019 rett før pandemien.

## Skule- og barnehagegudstenester

Gudstenester for barnehage- born								Endring 2023- 2024
Gudstenester	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Gudstenester	181	174	79	77	98	158	131	-17,09 %
Deltakartal	13666	13241	2707	3877	6049	8191	8739	6,69 %
Gjennomsnitt	76	76	34	50	62	52	67	28,85 %
Gudstenester for skuleborn								Endring 2023- 2024
Gudstenester	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Gudstenester	421	421	125	87	370	380	373	-1,84 %
Deltakartal	73930	71644	6107	6307	57139	59046	56689	-3,99 %
Gjennomsnitt	176	170	49	72	154	155	152	-1,94 %

## Julaftan

### Folk strøymde til kyrkjene i jula

Kyrkjene i Bjørgvin bispedøme opplevde i jula ei stor tilstrøyming til gudstenestene, over 6000 fleire enn i 2023. Nokon stader opplevde ein over 30 prosent auka besøk på julaftan frå 2023 til 2024.

Innsamla besøkstal frå nokre av prostia i bispedømet viser ein tydeleg trend med auka besøk. Sunnhordland melder om ein samla auke på 18 prosent. Lykling kyrkje på Børmlø hadde heile 298 personar innanfor dørane på julaftan, det er ein auke på 58 prosent i høve til året før. Kyrkjene på Stord hadde om lag 30 prosent fleire på dei fleste av gudstenestene.

I Nordhordland er det meldt om ein samla oppgang på 16 prosent i frammøtet, men det er berre to av sokna i prostiet som har fleire i kyrkja på julaftan no enn i 2019, året før pandemien.

I Vesthordland noterte ein seg 14 prosent auke på julaftan.

I Sogn prosti er det ein samla auke på om lag 11 prosent. Koordinerande sokneprest i Sogndal, Vegard Bondevik Lie, har uttalt til media at eit raskt overslag over oppmøtere registrering på hendingar i kyrkjene i Sogndal kommune siste månaden i 2024 syner at om lag 6500 menneske har vore innom kyrkjedørene i Sogndal i desember. – «Difor kan me seie at litt over halvparten av innbyggjarane i kommunen har vore til kyrkje i julemånaden. Tala er frå gudstenester, konserter, gravferder og andre samlingar. Dette er naturleg nok ikkje snittet for kvar månad gjennom heile året, men likevel eit tydleg signal om at kyrkja har ein sentral plass i samfunnet», seier soknepresten.

I Fana prosti vart heilt nye Sædalens kirke fylt nesten heilt opp tre gonger med til saman over 1.000 deltakrar på to familiegudstenester med kor og drama og ei høgtidsgudsteneste. – «Dette er minst ei dobling frå tidlegare år, som viser at medlemene i folkekirkja strøymer til den nye kyrkja», seier sokneprest Kjersti Gaustad Norheim i Birkeland sokn der kyrkja ligg. I Birkeland kirke var det fire gudstenester, to der folk måtte stå og to med berre ein benk ledig. I tillegg julenattsgudsteneste med 100 i kyrkja og to sjukeheimsgudstenester.



Mange ville feira jul i kyrkjene, det var auka oppmøte mange stader i Bjørgvin på julaftan 2024. Illustrasjonsfoto: Den norske kyrkja/Ellevill

### Høgtidsfeiring – Tilbak til det tradisjonelle?

For å få eit betre bilet av tendensar er det


nyttig å sjå på gjennomsnittet på normale søndagsgudstenester i forhold til deltaking julekvelden etter pandemien.

Deltaking i julehøgtida var i svak nedgang før pandemien frå eit gjennomsnitt på 252 i 2011 til 222 i 2019. Det er 12% nedgang på 8 år. Nedgangen julaftan var større enn nedgangen i

gjennomsnittleg søndagsgudstenestedeltaking fra 102 i 2011 til 92 i 2019, 10%, noko som kunne tyda på at den folkekyrkjelege gudstenestetradisjon stod svakare enn før.

	Julaftan gudstenester	Julaftan deltakarar	Julaftan gjennomsnitt	Søn- og helgedag gjennomsnitt
2022	322	50615	157	73
2023	329	50845	155	75
2024	315	56942	181	82

Siste året er det motsett tendens. Gjennomsnitt deltaking har gått opp 17% med gjennomsnittet søn- og helgedagar har gått opp 9%.



### 3.B.1.1.2 Samisk språk i gudstenester

#### Resultatmål: Fleire sokn inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

##### Indikator: Talet på sokn med samisk innslag i gudstenesta

Ingen kyrkjelydar i Bjørgvin har med samisk i den lokale gudstenesteordninga.

I 2024 var det, som i 2023, 10 sokn som rapporterte om gudstenester med samiske innslag, det var rapportert 12 gudstenester med 1148 deltararar.

##### Stor feiring av samane sin nasjonaldag under Stiftsdagane i 2024

Samane sin nasjonaldag vart feira med ei stor gudsteneste i Bergen domkirke 6. februar 2024. Om lag 500 kyrkjelyeg tilsette frå heile Vestland var samla til Bjørgvin bispedøme sine stiftsdagar i Bergen og var med på gudstenesta saman med det samiske miljøet i Bergen.

Bibeltekstane vart lese både på samisk og norsk, og både salmar og andre musikalske innslag hadde tydeleg samisk preg.

Biskop Ragnhild Jepsen preika og hadde med seg sin kollega Olav Øygard, biskop i Nord-Hålogaland, og Arild Hellesøy, prost i Hardanger og Voss prosti og tidlegare sokneprest og prost i Indre Finnmark på liturgien. Britt Jorunn Waag frå Bergen Sameforening las tekstar. Hovudansvar for musikken var prisvinnande komponist og musikar Sondre Närva Pettersen.

Tidlegare denne dagen hadde deltakarane på stiftsdagane fått høre om rapporten til Sannings- og forsoningskommisjonen om fornorskingspolitikken mot samar, kvenar/norskfinnar og skogfinnar.

### 3.B.1.1.3 Kyrkjelege handlingar

#### Resultatmål: Oppslutninga om kyrkjelege handlingar vert halde oppe

**Indikator: Tal på døypte, del døypte av tal på fødde, del konfirmerte av medlemer i kyrkja, tal på vigsler, del gravferder av tal på døde medlemer**

Bjørgvin bispedøme sin strategi 1:

Fleire i Bjørgvin vert døypte ved å:

- styrke kyrkjelyden sitt oppsøkjande arbeid med å forkynne evangeliet til tru
- formidle at trua er ei gáve som ein mottek i dåpen
- invitere folk i alle aldrar til å ta i mot dåpsgáva



### Dåp

#### Resultatmål: Oppslutninga om dåp vert halden oppe

Dåp	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Dåpshandlingar	4504	4261	4126	3544	3901	4131	3658	3898
Døypte i soknet	-	-	-	-	3818	4040	3606	3792
Dåpskull/fødde	7011	6725	6638	6423	6795	6221	6096	6354
Prosent døypte 0-1 år av fødde	-	-	-	-	52,4%	59,2%	54,3%	54,9%
Dåpshandlingar av fødde	64,2%	63,4%	62,2%	55,2%	57,4%	66,3%	60,0%	61,3%

Tal på dåpshandlingar er henta frå oppdatert statistikk frå «Kirken i tall» (11.04.25) i kyrkjerådet og tidlegare år er ajourført og skil seg frå tal i tidlegare årsmeldingar.

Dåpstala for 2024 viser ein oppgang på 5,16 %. Det har vorte gjort tiltak for å auka talet på dåp, fleire kyrkjelydar har hatt drop-in-dåp eller laurdagsdåp, t.d. Bergen Domkirke menighet som har tilbod om «Drop in» dåp kvar torsdag i Nykirken i samband med kveldsgudsteneste.

## Konfirmasjon

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Prosentvis endring 2023- 2024
<b>Konfirmerte</b>	5247	5220	5102	4944	4877	4730	4852	4801	-1,05 %
<b>Årskullet 15-åringar</b>	7571	7600	7770	7659	7707	7872	8124	8202	1 %
<b>Konfirmerte i prosent av døypte 15- åringar</b>	89,4	89,6	86,7	86,3	86,5	83,8	85,2	85,1	
<b>Konfirmerte i prosent av årskullet 15-åringar</b>	69,3	68,7	65,7	64,6	63,3	60,1	59,7	58,5	

### ***Del konfirmerte av døypte 15-åringar***

Talet på kyrkjelege konfirmantar er gått ned om lag 1% frå 2023 til 2024 sjølv om årskullet 15-åringar er større enn i 2023, og 58,5% av årskullet vel kyrkjeleg konfirmasjon, men 85% av døypte 15-åringar vert konfirmerte i kyrkja, om lag det same som for 2023.

### ***Bispedømets satsing inn mot konfirmantarbeidet***

For å hjelpe kyrkjelydane med konfirmantarbeidet har bispedømet brukt unytta trusopplæringsmidler og satsa på to tiltak: Prostivise samlingar med Saman-teamet og samarbeid med KRIK og KFUK-KFUM om 4 dagars konfirmantleir i hausterien ( KFUK-KFUM ) og vinterferien ( KRIK )

(Meir om ungdomssatsinga og «Strategiske fellestiltak frå bispedømet», sjå kapittel 3.B.1,1,4 Kyrkja skal vera ein meiningsfull arena for ungdom og unge vaksne.)

#### ***Prostivise konfirmantsamlingar med «Saman-teamet»***

Også i år har vi hatt prostivise samlingar for konfirmantane.

I Nordfjord, Sunnfjord, Sunnhordland og Norhordland prosti har det vore eit samarbeid mellom KFUK-KFUM, prostiet og bispedømet om dagsleiarar, i Operahuset i Nordfjordeid, i Idrettshallen i Gaular, i Knarvik kyrkje og i Norheim kirke i Haugesund ( Sunnhordland )

Her har bispedømet hatt innhaldet, med fellessongar, dans og forkynning, med det såkalla «Samanteamet» Det er eit band med forsongarar som har eit program, som i 2024 var det forkynning ved Torfinn Wang eller Thor Haavik. KFUK-KFUM har stått for aktivitetar og det praktiske, og sokna i prostiet har kome med alle sine konfirmantar.

Dette har fungert godt og alle desse prostia ønskjer å halde fram med dette også i 2025.

### *Samarbeid om konfirmantleir med KRIK og KFUK-KFUM*

Vi har også eit samarbeid om KRIK-leir i vinterferien og KFUK-KFUM i haustferien. Begge leiarane er på Framnes vidaregåande skule i Kvam, og det har fungert veldig fint. Begge leirane er over fire dagar og dei har vore fullteikna med ca 450 konfirmantar og leiarar.

Vi har ein god dialog med organisasjonane om korleis ein kan hjelpe sokna i etterkant til å få til meir ungdomsarbeid. Det er ein føresetnad for vidare samarbeid. Det er ekstra gledeleg at fleire mindre sokn ser ut til å nytta tilboden. Årets konferanse hadde over 80 deltagarar og programmet var lagt opp slik at sjølve ungdomstinget vart halden paralellt med seminar som deltagarane kunne velja. Det var 29 delegatar på sjølve ungdomstinget.

### **Vigsler**

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Tal kyrkjelege vigsler	1026	900	885	847	748	558	595	938	791	832

Talet på vigsler gått opp med 5,2% er nesten på nivå med 2018 etter nedgang og så ein auke på 59% frå 2021 til 2022 på grunn av restriksjonar i koronatida.

### **Gravferder**

Tal på gravferder, del gravferder av medlemer og tal på døde totalt.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Tal kyrkjelege gravferder	4263	4185	4258	4214	4189	4247	4683	4386	4334
Prosentdel kyrkjeleg gravferder for medlemer	100,52	97,08	100,05	100,05	98,52	97,77	97,95	95,79	95,93
Prosent kyrkjeleg gravferd av døde totalt	88,6	90,2	90,1	90,9	87,9	87,6	87,4	86,1	85,8

### 3.B.1.1.4. Ungdom og unge vaksne

Bjørgvin bispedøme sin strategi 2:

Kyrkja skal vera ein meiningsfull arena for ungdom og unge vaksne der dei kan

- vere – og finne trygge og gode møteplassar
- skape – og bruke sine eigne kulturelle uttrykkformar
- bere - og verte engasjerte for menneskeverd, klima og rettferd
- tru - ved å delta aktivt i gudstenester og fellesskap



**Indikator: Tal på deltagarar på tilbod for 13-17 år, tal på deltagarar 18-30 år (SSB)**

Tilbod til ungdom / unge vaksne	2023	2024	Endring siste 1 år
Tilbod om leiarkurs 13-17 år	100	87	-13,00 %
Deltakarar på leiarkurs for 13-17 år	556	503	-9,53 %
Tilbod om leiarkurs 18-30 år	6	24	300,00 %
Deltakarar på leiarkurs for 18-30 år	53	73	37,74 %
Kontinuerleg tilbod 18-30 år	43	158	267,44 %
Deltakarar på kontinuerleg tilbod 18-30 år	1 361	1 617	18,81 %
Enkeltarrangement 18-30 år	45	56	24,44 %
Deltakarar på enkeltarrangement 18-30 år	1 036	1 421	37,16 %

Det var færre tilbod om leiarkurs for 13-17 år, men talet på deltagarar har ikkje gått tilsvarende ned slik at det i gjennomsnitt var fleire på kvart leiarkurs. Det er ein markert oppgang i tilbod og deltaking for unge vaksne 18-30 år.

## **Ungdomsdemokrati**

### *Ungdomsrådet og ungdomskonferansen Vegkryss*

Bjørgvin har dei siste åra satsa breitt inn mot ungdomsdemokratiet. Ungdomskonferansen Vegkryss er ei satsing for å vekka til liv ungdomsdemokratiet i Bjørgvin, men samtidig også for å vera til inspirasjon og styrking for ungdomsleiar frå heile bispedømet. Denne kombinasjonen har vist seg å fungera godt. Fleire kyrkjelydar valde å bli med på Vegkryss som ein inspirasjon for leiarmiljøet i kyrkjelyden.

### **Menighetsrådsleder (22) rekruttert fra menighetens ungdomsarbeid**

I Slettebakken menighet er det et viktig mål at ungdommene finner sin plass også etter konfirmasjonsåret. Masse aktivitet ledet av unge for unge, og en åpen kirke ungdommene tar eierskap til er noen av suksessfaktorene. Det har blant annet resultert i at menighetsrådet har fem medlemmer rekruttert fra arbeidet, og menighetsrådsleder Anders (22), er nok yngste MR- leder i Bjørgvin?

*Her er et glimt fra ungdomsledernes juleavslutning med pepperkakehusbakekonkurranse.  
(Johannes, Anders, Fredrik og Anna)  
Foto: Kristin Trætteberg*



## **Gudstenester for ungdom**

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Barne- og ungdoms-gudstenester (Frå 2023-&gt;)</b>					1018 (678+340)	1016	1020
<b>Ungdomsgudstenester</b>	412	399	254	348	340	*	*
<b>Deltakarar ungdomsgudst</b>	47187	45687	15975	25646	34963	*	*
<b>Gjennomsnitt ungdomsgudst</b>	115	115	63	74	103		

\* I 2023 var statistikken for barnegudstenester og ungdomsgudstenester slått saman, så det er vanskeleg å konkludera, men ut frå eit anslag ut frå forholdet i 2022 ser det ut som om talet på ungdomsgudstenester er stabilt.

### 3.B.1.1.5 Trusopplæring

**Resultatmål: Born og unge lærer om kyrkje og tru**

**Indikator: Deltakarandel i utvalde, landsomfattande tiltak. (Planverktøy trusopplæring)**

På grunn av nedbemannning i kyrkjerådet, har vi fått tilgang til mindre statistikk enn dei seinaste åra.

#### Oversyn over alle trusopplæringsaktivitetane

År	Gjennom-førte tiltak	Timar gjennom-ført	Frivillige	Årsverk	Med-lemmer 0 til 18 år	Del-takrar	Prosentvis deltakarar av medlemmer 0-18 år
2024	1273	16484	4368	66,30	80895	30044	37,14 %
2023	1283	16832	4322	71,85	82595	29100	35,23 %
2022	1280	16623	4139	67,13	85784	28533	33,26 %
2021	1081	14791	2924	59,46	86691	24612	28,39 %
2020	916	13275	3110	68,05	88806	20714	23,33 %
2019	1390	17242	5167	61,94	92724	30938	33,37 %
2018	1473	18387	5709	59,86	94015	31542	33,55 %
2017	1454	17680	5917	57,98	96529	32588	33,76 %
2016	1492	19297	6311	58,27	98424	34173	34,72 %
2015	1471	19116	5487	59,87	99375	31070	31,27 %

Tabellen over viser samla tal for alle trusopplæringsstiltaka i Bjørgvin (og ikkje berre dei spesielt utvalde). Tal på gjennomførte tiltak ser ut til å ha stabilisert seg, det same gjeld gjennomført tal på timar. Det er rapportert om ein del fleire frivillige, men ikkje på nivå med 2019 og før. Tala er avhengige av kvaliteten på rapporteringa, og korleis ein lokalt vel å telje. Årsverk ser ut for å svinge litt men er samla ein stad mellom 60 og 70. Samla deltakartal stig for tredje år på rad, og er nesten tilbake på 2019-nivå.

Det mest positive er den prosentvise oppslutninga i høve til talet på medlemer i aldersgruppa. Då tel ein samla oppmøte på alle tiltaka i planane og deler det på samla medlemstal i aldersgruppa 0-18 år. Her har vi hatt ei svært god utvikling, og har for 2024 det beste resultatet så langt.

Vi ser at stabilitet og godt arbeid over tid er suksessfaktorar. Der det er vakanse, permisjonar, eller mykje utskifting av folk og liknande, er det ofte vanskelegare å få gode resultat. Vi trur at systematikk og pedagogisk utviklingsarbeid gir resultat. Når pedagogane samlast er fokus å lære av kvarandre - både av det ein har lukkast med og av det dei ikkje får til. Over tid ser ein at å samle fleire kull til same aktivitet, ha enklare og oftare opplegg, og reindyrke det som ein lukkast med, fører til suksess. Opplegga er tidvis for ambisiøse og det kan vere lettare å samle folk til aktivitetar som skjer fleire gonger heller enn berre ein gong.

Vi har arbeidd med trafikklysmodellen for aktivitetar - å gjere meir av det ein lukkast med (grønt), justere det som ikkje alltid lukkast (gult), og slutte med det ein ikkje får til (raudt) - og heller gjere noko anna i staden.

I fjor skreiv vi: Medlemstalet (0-18 år) har gått ganske mykje ned dei seinare år. Det er fleire årsaker til det: utmelding, nedgang i dåpstal, lågare årskull, flytting/sentralisering og arbeidsinnvandring/annan innvandring som har ført til større religiøst mangfold. Kyrkja vil

over tid få ei utfordring når målgruppa vert mindre år for år. Dei viktigaste grunnane i distrikta er lågare fødselstal og sentralisering (at ungdommar flyttar ut utan å komme tilbake). I større og mindre byar har dåpstala meir å seie. Det er ikkje lengre sjølvsgagt at dei som får barn, døyper barna, og det er statistisk samanheng mellom storleik på staden ein bur, og dåpstal. I byane har ein mindre kontakt med tradisjonar og historiske posisjonar. Medlemstalet krympar og årskulla kan variere.

Vi registrerer i år at nedgangen er i snitt 2% per år, og at talet har gått ned med knappe 20.000 på 10 år. Det er dramatisk.

I gjennomsnitt deltek kvart medlem på trusopplæring om lag 7 gonger før dei er 18 år. Det er gode tal, men målet er at alle skal få minimum eit aktuelt tilbod kvart år om dåpsopplæring.

### **Kompetanseheving og erfaringsdeling i årssamtalar**

Ein viktig arena for erfaringsutveksling og læring er årssamtalar der trusopplæringsrådgjevarane samlar kyrkjelydspedagogar frå fleire prosti for at dei kan lytta til og læra av kvarandre. Det er med å tryggje dei tilsette og er særleg viktig for nytilsette. Vi ser at desse samlingane over tid gir frukt ved at modellar eller forslag til løysingar vert tatt tak i lokalt. Pedagogane blir inspirerte av kvarandre, lyttar til andre sin måte å gjere ting på - og gjerne vidareutviklar eller reindyrkar det med lokal tilpassing.

Dei seinare åra har spesielt kvardagsmiddagstilbod og konsept med "etter skuletid" for aldersgruppene i 4.-7. trinn vore suksess mange stader. Elles er babysong godt innarbeidd, og småborns-song er det tilbod om i mange eininger.

Nasjonale breiddetiltak som LysVaken og Tårnagenthelg er ressurskrevjande, men gode tiltak. Dei fungerer svært bra enkelte stader, medan andre stader strevar dei meir med å få det til. Då er det lurt å forenkle tiltaket, eller gjere noko anna.

Nokre glimt frå det kyrkjelydane melder om læring/erfaringar i 2024:

- Gaular: Vi lærte at Lys vaken var meir populært enn det vi trudde. I 2025 skal vi berre invitere eitt årskull.
- Kvinnherad: Påske- og julevandringar blir tilbuddt alle barnehagar i kommunen. Vi hadde 18 julevandringar, for 198 unike barn!
- Fjaler: Vi har eit godt kyrkje-skule-barnehage-samarbeid. Vi ser at trusopplæring og samarbeidet med skule og barnehage utgjer ein heilheit som er uvurderleg viktig. Det er i grunnen ikkje så stort skilje her, og relasjonsbygginga som skjer i møte med barnehage og skule er veldig viktig for kyrkja.
- Biskopshavn: Vi får til så utrolig mye, og behovet og ønsket fra "brukerene" er at de vil være med på mye mer, men ansatte har ikke mer kapasitet og vi kan ikke presse våre frivillige mer.
- Kvam: I 2024 vart me minna om kor viktig det er å sjekke ut datoar ift. skule, fotball og korps. Foreldremøte krasja med 6-årsbok, så me måtte byte dato i siste liten. Verre var det med korps-weekend som krasja med Lys Vaken. Det fekk me ikkje gjort noko med. 20 av 34 born på kullet kom likevel.
- Åsane: At å gjøre et tiltak "enkelt" å gjennomføre for oss på arrangørsiden, ikke nødvendigvis går ut over kvaliteten og utbyttet til deltakerne.
- Birkeland: Vi har siste år hatt positive erfaringer med å forenkle og komprimere på noen av tiltakene. Dette er foreløpig på utprøvings-stadiet, men det har vist seg at 4 timer en lørdag f.eks. kunne flyttes og komprimeres til 2 timer fredag ettermiddag med like god oppslutning, og lettere å få til for frivillige medhjelpere.

- Førde: Det som fungerer godt med eit kull, fungerer ikkje nødvendigvis like godt med eit anna.
- Tysnes: Ein må ikkje vera redd for å spørja folk om å vera frivillige, ofte svarar dei ja så lenge dei kan. Viktig å ta vare på dei frivillige.
- Sogndal: Langt og godt arbeid gir frukter. Ikkje gi opp om det ikkje kjem nokon ein gong. Det kan vere mange grunnar til at folk ikkje kjem. Me har også opplevd at det var 30 babyar på babysong og 50 menneske på Småtrolltrall, og at det rett og slett vart litt trøngt. Det er eit luksusproblem. Me må jobbe litt meir med det for auge at det KAN kome mange.
- Landås: Mye gjøyt arbeid med tweensklubben. Vi valgte å prøve noe nytt, vi ble flere menigheter og vi sendte ut invitasjon til første samling - resultatet var overveldende bra, vi hadde plutselig 50 barn på klubben og det var vært enda flere innom.
- Osterøy: Samlingane for 4-åringane blei også i år lagt til 1t før gudstenesta i fire kyrkjer, når kyrkjene likevel var oppvarma. Dermed fekk 4-åringane ei kort samling, men akkurat nok til at dei var trygge og førebudde til gudstenesta.

Ein ting vi har merka oss med årssamtalane i år er det å reindyrka eit konsept. Fokus fører ofte til suksess. At ein held seg til ein modell. Modellen kan vere ulik frå stad til stad.

1. Reindyrka breiddetiltak: Store kyrkjelydar som har eit velfungerande konfirmantarbeid og ein god base med kontinuerlege tiltak kan med fordel ha trusopplæringsaktivitetar som er "litt store" og nokre medarbeidrarar som er dedikerte til desse tiltaka.
2. Supertysdag (og liknande): Ein samlar det meste av aktivitetane til ein vekedag, gjerne kopla med middagsservering. Det skjer noko kvar tysdag – alle er velkommen kvar gong, men så har ein nokon gonger i året der ein inviterer spesielle aldersgrupper til spesielle aktivitetar knytt til det som skjer kvar veke.
3. Gudsteneste søndag: Ein legg det meste av trusopplærings-aktivitetane i eller like før/etter gudstenesta. Til dømes kan ein starte med frukost kl. 9. og så ha gudstenesteverkstad og aktivitetar før ein gjennomfører gudstenesta. Alternativt starte med gudstenesta kl. 11 og så ha kyrjemiddag/lunsj/kaffe og aktivitetar i etterkant.
4. Andre stader kan det vere aktuelt å ha laurdagsgraut med oppæringsaktivitetar og ei liturgisk samling til slutt.

Dette er berre døme på modellar, og modellane kunne godt vore skissert annleis. Og dei beste modellane har vi heller ikkje funne ennå. Og så endrar ting seg også, det som fungerer ein stad eller eit år fungerer ikkje alltid neste år, eller ein annan stad. Ein må treffe både med lokal tilpassing/modell og få med seg eventuell endring i dei lokale føresetnadane. Uansett er det å ha ei god ramme avgjeraende for å lukkast. Arbeidet må kunne utførast med dei ressursar ein har til rådvelde - også når det vert mindre pengar, færre tilsette eller frivillige (eller det motsette).

At vi har vel 30.000 deltagarar i målgruppa for 2024 er meir ein indikasjon på mykje aktivitet enn reelle tal. For kvar deltagar kan føre til mykje effekt for andre. I ein konfirmasjon eller dåp er det mange som kjem til gudstenesta, det blir halde markeringar med talar, og blir gitt gåver som fører til opplæring (barnebibel, konfirmantbibel og anna). For babysong tel ein oppmøte av born, men opplegget er kanskje mest for dei vaksne. Ei bokutdeling kan føre til at fleire i slekta kjem på gudstenesta. Det betyr at ringverknadane av aktivitetane innan kyrkjeleg undervisning og læring er mykje større enn tala i seg sjølv tilseier. Og det kan slik gjøyme seg mykje suksess også bak enkelttal som tilsynelatande kan sjå små ut. At berre tre born (i målgruppa) er med på ei pilegrimsvandring viser ikkje nødvendigvis at det var eit svært vellukka arrangement med samla over 70 deltagarar i alle aldersgrupper.

## **3.B.1.2. Fremjar verdiar som utfordrar og som bygger eit godt samfunn for alle**

### **3.B.1.2.1. Kyrkja i det offentlege rommet**

**Resultatmål:** Kyrkja deltar aktivt i samfunnsdebatten og på ulike arenaer i det offentlege rom

**Indikator: Kvalitativ vurdering**

*Synleggjering av kyrkja i samband med jubilea for Kristenretten og Landslova*

Bjørgvin bispedøme har frikjøpt kapellan Thor Haavik til å laga videoar som kan synleggjera kyrkja sin bodskap og nå lenger ut enn gudstenesta gjer. I 2023 hadde videoane han slapp på Instagram, YouTube, TikTok og Facebook til saman over 2,6 millionar visningar, i 2024 nær 3 millionar treff. Det medfører ei sendetid som svarar til at om lag 400 deltakar hadde vore på 50 gudstenester.

Gjennom 2023 blei TV-serien: "Hendelsen som forandret Norge" spilt inn og produsert som tre Youtube-videoar på ca 20 minutt kvar. Den tar for seg hendinga med "Kristenretten" på Moster, som hadde 1000-årsjubileum i 2024, og utforskar kva det har hatt å seia for utviklinga av landet vårt. Dette er ei satsing frå bispedømet si side for å løfta opp jubileet og gi kunnskap om verdiane i lovverket. Serien vart lansert i januar 2024. Episode 1 hadde 14.308 avspelingar i 2024, episode 2 hadde 4287 avspelingar og episode 3 hadde 3126 avspelingar. Med såpass lange episodar, har fleirtalet ikkje sett gjennom heile episodane.

### **3.B.1.2.2. Samhandling med trus- og livssynssamfunn**

**Resultatmål:** Kyrkja samhandlar med ulike trus- og livssynssamfunn

**Indikator: Kvalitativ vurdering (med kven og korleis)**

Statistikken viser 33 økumeniske gudstenester i 2024 mot 45 i 2023, 28 i 2022 og 34 i 2019. Prostane melder at det mange stader er lokalt økumenisk samarbeid om gudstenester, men det varierer mykje alt etter kva andre trussamfunn som er i lokalsamfunnet. Fleire stader leiger ein ut kyrkjer til migrantkyrkjelydar, til dømes i Sogndal og Bergen der ein har leigd ut kyrkjer, bl.a. til ortodoks gudsteneste for eritrearar.

*Trus- og livssynsdialog*

**Indikator: Tal på fora for religionsdialog**

Kirkelig dialogsenter Bergen (KDB) er vårt forum for religionsdialog. Senteret arbeider med trus- og livssynbasert dialog, mellom anna livssynsbasert dialog med og for ungdom (gjennom tiltaket "Inter"). Senteret har samtalegruppe om tru mellom aust og vest, og arrangerer "Pusterom" med vekt på kristen meditasjon. Dei har arrangement ved Mangfaldsveka og tek del i besøk til ulike trussamfunn i samarbeid med STL (Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn).

Kyrkja har hatt stand på Alternativmessene i Bergen i mange år. Standen blir tverrkirkjeleg betjent med heile bredda i kyrkjelandskapet og har i seg sjølv hatt ein dialogisk effekt. Kirkens SOS har vore administrativ ressurs, og leia arbeidet med Areopagos som ein god støttespelar. Dei siste åra har Kirkelig dialogsenter tatt administrativt ansvar. Folk frå mange ulike kyrkjer i Bergensområdet har stått på standen; diakonar, prestar, kateketar og vanlege medlemmar. Kyrkja har ofte hatt seminar på messene og har mellom anna hatt tema om

sjølvmordsførebygging (ved Kirkens SOS). Messa har dei siste åra vore på Bryggen, og tilbodet kyrkja gir er samtale, bøn og forbøn. Det blir delt ut bibelvers, bøner og litteratur gratis. Organisasjonen Godt Nytt stiller med ulik gratislitteratur som NT og Markusevangeliet. Messene er viktige lyttestader for å bli kjent med alternativ tenking og spiritualitet, for å bygge ned fordommar mot kyrkja og for å finne ut kva religiøsitet som rører seg mellom folk som tek del ved slike messer.

### **3.B.1.3. Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje**

#### **3.B.1.3.1. Rekruttering**

##### **Resultatmål: Rekruttering til kyrkjelege stillingar vert styrka**

###### ***Indikator: Tal på søkerar til vigsla stillingar, Tal på vakansar i vigsla stillingar***

Bjørgvin har i 2024 utlyst 24 prestestillingar, der fire er utlyst fleire gonger. Til desse stillingane hadde vi søknadar frå 14 kvinner og 30 menn, totalt 44 søknadar. Vi har tilsett 4 kvinner og 10 menn, totalt 14 prestar. I 2023 vart det tilsett 10 prestar, og det var 49 søknadar. Ved utgangen av 2024 er 15 stillingar vakante i vårt bispedøme.

Våren 2024 var bispedømet representert på utdanningsmesse i Grieghallen saman med Bergen kirkelige fellesråd.

Gjennom året 2024 besøkte Thor Haavik, som bispedømet har frikjøpt til å drive med blant anna rekruttering, fleire bibelskular, folkehøgskular og skular i Bjørgvin der han heldt føredrag om «Kvífor ta utdanning for å jobbe i kyrkja». Etter føredraget har det vore høve til samtale og til å kunne stille spørsmål. Vi reknar at rundt 400-500 ungdommar har høyrt føredraget.

Bjørgvin bispedøme har sommarvikarar som bidreg i prestetenesta. Vikarane kjem både frå Noreg og frå Danmark. Ut frå signal vi mottek trur vi tiltaket kan bidra til rekruttering til fast teneste på lang sikt.

##### ***Vigsligar***

Biskopen har i 2024 vigsla fire diakonar, ein kantor og fem prestar.

#### **3.B.1.3.2. Kyrkjeorganisasjonen**

##### **Resultatmål: Kyrkja har ein velfungerande organisasjon**

###### ***Indikator: Sjukefråver, avviksmeldingar og varslar***

Sjå meir informasjon under «Delmåla i HMT-handlingsplan for Bjørgvin bispedøme» i del IV. Sjukefråvær er omtalt i kap. 3.B.3.3.1

Det blir jobba systematisk med melde-kultur. MittVarsel-portal fungerer godt som verktøy. Det er prosess på å skaffa ein digital portal for å melde avvik og klage (skal implementerast i 2025). Rapport på varsel og avvik vert meldt til RAMU-møta.

### 3.B.1.3.3. Kompetanseutvikling

#### Resultatmål: Kompetanseutvikling vert styrka

**Indikator: Tal på gjennomførte e-læringskurs, kvalitativ vurdering (HR/BDR)**

I Bjørgvin gjennomførte tilsette i 2024 163 e-læringskurs mot 186 i 2023.

Digitalt kurs for sommarvikarar vart gjennomført for seks personar juni 2024

#### Lokale kompetansehevingstiltak

Det skjer mykje god kompetanseutvikling lokalt som prostane står for. Tema som er tatt opp på sju prestekonvent og på tverrfaglege konvent bidreg til refleksjon og utvikling i tenesta. Prostia sine studieturar er òg kompetanseheving. Det er ein føresetnad for få REU-støtte at ein har eit solid studieopplegg, gjerne med litteraturstudiar på førehand.

*Regionale kompetansehevingstiltak – Stiftsdagar for alle tilsette i februar 2024.*

#### Etter- og vidareutdanningsarbeid (REU)

I 2024 deltok 12 prestar i etter- og vidareutdanning som fekk støtte av Regionalt etterutdanningsutval (REU).

## 3.B.2. Kyrkja er der livet blir levd

### 3.B.2.1. Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar

Bjørgvin bispedøme sin strategi 4

Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja ved å

- la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru
- fremje kyrkja sitt eige arbeid på kyrkjemusikk, kunst og kultur
- utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet



Dei nærmare 150 kyrkjemusikarane i bispedømet er sentrale tilretteleggarar av konsert- og kulturarrangement i soknet. Bispedømet har årlege fagdagar der mange av dei møtest. I juni 2024 var fagdagen rett etter Kristenrettsjubileet på Moster med bl.a. seminar med orgelbyggjar Nils G. Torkildsen «Hjelp til selvhjelp når krisen rammer» og seminar i gregorianikk med Henrik Ødegaard, og tidebønner og konsertar i kyrkjene på Moster.

### 3.B.2.1.1. Konserter og kulturarrangement

#### Resultatmål: Fleire deltagarar på konserter og kulturarrangement

##### **Indikator: Tal på deltagarar på konserter og kulturarrangement i kyrkjene i regi av kyrkjelyden/andre aktørar (SSB)**

Det er ein auke i talet på konserter, over 200 fleire enn i 2023, det er over nivået frå 2019. Andre rapporterte kulturarrangement viser ein liten nedgang frå 2023. Totalt var det fleire deltagarar innom kultur og konsertrangement i kyrkjene enn i 2023, nesten på 2019-nivå.

##### **Tal på konserter og kulturarrangement i kyrkjene**

	Konserter i eigen regi	Konserter i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Totalt
<b>2024</b>	1095	603	213	31	1942
<b>2023</b>	907	568	237	45	1757
<b>2022</b>	939	555	275	61	1830
<b>2021</b>	557	283	113	33	986
<b>2020</b>	444	200	162	25	831
<b>2019</b>	904	561	311	73	1849
<b>2018</b>	911	552	283	106	1852

##### **Deltakarar på konserter og kulturarrangement**

	Konserter i eigen regi	Konserter i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
<b>2024</b>	79270	94999	16910	3794	194973
<b>2023</b>	63717	88420	15672	6662	174471
<b>2022</b>	69672	73244	15657	5103	163676
<b>2021</b>	22844	27542	5867	1707	57960
<b>2020</b>	18143	14126	8374	952	41595
<b>2019</b>	77654	93609	24582	5068	200913
<b>2018</b>	83340	93970	26792	8511	212613

### 3.B.2.1.2. Kulturarv

#### Resultatmål: Styrke og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt

**Indikator: Tal på kyrkjelydar med opne kyrkjer. Pilegrimsrapportering (SSB, BDR)**  
**Samarbeid med andre om kulturarv**

#### Opne kyrkjer

	Sokn med open kyrkje						Totalt dagar med open kyrkje					
	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Bjørgvin	67	83	87	85	71	73	3120	761	1223	2383	2566	2520
Landet totalt	558	712	794	639	593	611	28858	19311	20064	22598	23064	24759

Talet på opne kyrkjer og talet på dagar ser ut til å ha stabilisert seg etter pandemien.

#### Pilegrimsarbeidet

Pilegrimsmotivet er blitt ein naturlig del av kyrkja sin kvardag og det enkelte sokn etablerer sine pilegrimstradisjonar ut frå sin historie og korleis dei kan aktualisera i dag.

Pilegrimsvandringa i Førde er eit samarbeid mellom soknet, Rotaryklubben og kommunen og er lagt til rette for folk med ulike funksjonsnivå. Opplegget er tilgjengeleg for alle i Ressursbanken.

Røldals pilegrimssenter er den tidlegare prestegarden, som Ullensvang kommune har kjøpt og gjort om til Pilegrimsgard med vertskap og tidebøner.

Pilegrimsstemnet i Røldal 5. til 7. juli 2024 var et samarbeid mellom Bjørgvin bispedøme og Røldal sokneråd. Programmet var variert, frå countrykonsert i Røldal kyrkje, bygdevandring, pilegrimsmesse, krossvandring og aktuelle foredrag om pilegrimshistorie, pilegrimserfaringar og relasjonar til Røldal med leiar av Bjørgvin bispedømeråd Oddny Miljeteig, professor Oddvar Johan Jensen og filolog Dag Hovda Sture.

Dei regionale pilegrimssentra i Selje og Bergen, som no har eksistert i nærmere fire år, er i ferd med å etablere samarbeidsrelasjonar med både kyrkje og lokalsamfunn på dei 10 nøkkelstadane frå Moster til Selje.

#### Samarbeid om kulturarv

Bjørgvin bispedøme har eit aktivt forhold til historiske jubileum med grunnhaldninga «feire fortid – forme framtid». Vi spelar på lag med eit mangfold av samfunnsaktørar både i og utanfor kyrkja og er del av eit fagleg nettverk som nyttar vår felles kyrkjelege kulturarv som identitetsmarkør for utvikling av morgondagens samfunn.

Som reiskap i dette arbeidet har Bjørgvin bispedøme, saman med Bergen kirkelige fellesråd, investert i etablering av aksjeselskapet Kyrkjekultur Vest AS som har som formål å synleggjere og styrke den kyrkjelege kulturkompetansen i heile bispedømet og utvikle kyrkja som kulturaktør og kulturarena.

## **Jubileum for kristenretten og Magnus Lagabøtes Landslov**

Bjørgvin bispedøme ved biskop og Vestland fylkeskommune ved fylkesordførar var initiativtakrarar og igangsetjarar for ei rekkje samarbeid i det vi kalla Verdiåret 2024. Vi feira og markerte 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. 2024 var året der vi markerte at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i.

### ***Dei viktige samtalane***

I Magnus si eiga kyrkje, Bergen domkirke, inviterte biskopen til verdisamtalar om fire sentrale tema frå Bibelen som også kan knytast til Landslova. I møte med gjester har biskopen sett på kvar av «Guds fire døtre», rettferd, sanning, miskunn og fred og invitert til gode samtalar i kyrkja gjennom året. Desse verdiane og omgrep som makt, likeverd og demokrati var også grunnlaget for samtalar med ungdom på nøkkelstadar langs kystpilegrimsleia på ein «verdiseglas» i fire etappar frå Egersund til Trondheim, med ein avstikkar til Bodø.

Samarbeidet mellom fire regionale kystpilegrimssentra Avaldsnes, Bergen, Selje og Smøla, dei fire fylkeskommunane Rogaland, Vestland, Møre og Trøndelag og de fire bispedøma Stavanger, Bjørgvin, Møre og Nidaros vart ei naturleg del av Nasjonaljubileet 2030, - som også bidrog økonomisk til ferda. I 2030 vil det bli markert at det er tusen år sidan slaget på Stiklestad, og vi feirar at Noreg har vore eit rike i tusen år.

## **3.B.2.2. Bidrar til å verkeleggjera berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt**

### **3.B.2.2.1. Diakoni**

#### **Resultatmål: Fleire kyrkjelydar med diakonal satsing**

##### **Indikator: Tal på kyrkjelydar med diakonal betening, kvalitativ vurdering**

52% av kyrkjelydane har diakonal betening, det same som i 2023. Vi ser av statistikken at det rapporterte diakonale arbeidet har auka frå 2023 til 2024 og få fleire område er omtrent på nivået frå 2019.

Diakoni i Bjørgvin bispedøme Nokre utvalde tal frå SSB-statistikken	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Plan for diakoni	104	107	104	108	103	101
Hadde kyrkjelyden tilbod om sorggrupper?	45	41	41	48	59	57
- Tal på grupper	64	50	63	65	85	98
Hadde kyrkjelyden tilbod om eldretreff/-kveldar?	80	71	58	67	73	76
- Tal på grupper	287	260	116	246	230	391
Andaktar på institusjon	125	129	126	118	120	122
- Tal på andaktar	3139	1588	2345	2755	2840	3096
Besøksteneste	90	86	91	80	74	87
- Tal på besøk	5383	3525	3741	3613	3601	3762
Tal på soknebod	441	445	478	431	468	560
Tilbod om sjelesorgsamtalar	128	126	127	127	121	125
- Tal på samtalar	2640	3242	2897	2685	3200	2822
Tilbod om turar for kyrkjelyden	56	16	12	47	48	65
- Tal på turar	76	24	21	68	126	108
Integrering retta mot innvandrarar	37	23	16	38	44	44
Tilbod for funksjonshemma	27	42	44	43	52	53
Faste organiserte middagsfellesskap	-	-	-	-	43	55
Andre sosiale og diakonale tilbod	85	79	81	95	97	108

#### **Kompetanseheving diakoni**

Bispedømet har skipa til to fagdagar for diakonar og diakonimedarbeidarar i diakonirådgjevars permisjon i 2024:

6. og 7. februar 2024, Stiftsdagane for alle kyrjeleg tilsette, med fleire diakonalt orienterte seminar: «Inkludering - Samhandling kyrkje og helse- og omsorgstenesta» og «Inkludering - tru og trusliv hjå menneske med utviklingshemming» v/ integreringsprest Tor Ivar Torgauten: «Ungdom som slit» v/ kateket Steffen Eikenæs og miljøterapeut i Kirkens ungdomsprosjekt, Johan Fredrik Bay Berntsen. «Å møte menneske» v/personalprest Bård Haukedal

14. oktober 2024, Fagdag: «Eksistensielle samtaler med eldre» ved Åsta Marie Olafsson ved VID vitskaplege høgskole

## Kvild

I Luster har kyrkja starta møteplassen Kvild med kafedrift og sal av garn. Det har blitt mange samtalar og med ein «skravlekopp» på bordet, viser du at du er open for ein prat.

Diakon er dagleg leiar, og frivillige hjelper til, saman med nokon i språkpraksis og arbeidstrening. Opna 6. juni 2024. 40-50 gjester kvar dag, I opningstida onsdag – laurdag, er diakonen tilgjengeleg for samtalar om smått og stort. Det har vist seg å spenne over alt frå tankar om tru, einsemd, sorg, sakn og tap og til dagleg-praten over kaffi og strikketøy



Monica og Grethe diakon er klare for å ta imot nye gjester. Foto Grethe S. Bondevik

### 3.B.2.2.2. Menneskeverd og vern om skaparverket

**Resultatmål: Kyrkja fremjar menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket**

#### *Indikator: Kvalitativ vurdering*

Det var i 2024 135 temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og /eller misjon mot 120 i 2023. Dette er nesten på nivå enn i 2019 (144) og følgjer om lag same positive kurva som for gudstenestelivet elles.

## Vern om skaparverket – grøne kyrkjelydar

Tal på grøne kyrkjelydar					
2019	2020	2021	2022	2023	2024
36	37	39	39	39	*

\*Alle Tall for Grønn kirke er under utvikling

Talet på "Grøne kyrkjelydar" er det same som i 2021- 2023, men fordi rapporteringa vert lagt om er det ikkje tal for 2024. Ein har ikkje satsa på rekruttering av "Grøne kyrkjelydar" i 2024. "Ressursgruppa for berekraft, miljø, forbruk og rettferd" har ikkje vore aktiv sidan pandemien. Kyrkjerådet har bestemt at kyrkja skal spara ressursar ved å ikkje lenger vera registrert som Miljøfyrtaarn, men utan å endra miljøengasjementet. Det gjeld og Bjørgvin.

### FNs berekraftsmål

Bjørgvin bispedøme har i sin strategi for 2021-24: «*Bjørgvin bispedøme skal vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling*» og både bispedømet og kyrkjelydane bidreg med både konkrete satsingar som direkte er med å realisera berekraftsmåla og med haldningsskapande arbeid ved å spreie kunnskap om berekraftsmåla.

Når kyrkjelydane i Bjørgvin bispedøme gjennom ei årrekke har vore engasjert i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon er dei med i ei målretta satsing for å utrydde fattigdom og svolt (berekraftsmål nr. 1 og 2), sikre god helse, livskvalitet og utdanning (berekraftsmål nr. 3 og 4), skaffe rent vann og gode sanitærforhold (berekraftsmål nr. 6), bidra til likestilling mellom kjønna og mindre ulikskap (berekraftsmål nr. 5 og 10), bidra til å bygge berekraftige byar og lokalsamfunn (berekraftsmål nr. 11), stoppe klimaendringane (berekraftsmål nr. 13) og samarbeide for å nå måla (berekraftsmål nr. 17).

Bjørgvin bispedømekontor har i fleire år, inntil 2024, vore Miljøfyrtaarn og har på denne måten bidrige opp mot berekraftsmål 13 om å stoppe klimaendringane og berekraftsmål nr. 15: "Livet på land". Bispedømeråderådet satsar også på å rekruttere fleire "Grøne kyrkjelydar".

Under strategimål «*Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka ved å inspirere fleire til å bruke sine evner og gåver i friviljug teneste*» er bispedømet med å oppfylle berekraftsmål 3 og 11 då vi gjennom denne satsinga bidreg med fellesskap og omsorg som er med å førebygge einsemd og psykiske lidningar. Dette skjer mellom annan gjennom satsinga på frivillig teneste i kyrkjelydane.

### 3.B.2.2.3. Klima og miljørarbeid

**Resultatmål: Den norske kyrkja sine utslepp og miljøbelastning vert redusert.**

#### **Indikator: Kvalitativ vurdering (BDR)**

Bjørgvin bispedømekontor har i fleire år, inntil 2024, vore miljøfyrtaarnsertifisert og vi har gått gjennom vår reisepolitikk på stabsmøte og RAMU. Det vert oppfordra til å nytta tog ved reiser til Oslo når det går. Tilsette nyttar bildeleringen i Bergen for mange av tenestereisene, og vel elbil når det er mogeleg.

### **3.B.2.3. Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar**

#### **3.B.2.3.1. Misjon**

**Resultatmål: Samarbeid kyrkjelyd og misjon (SMM) vert styrka**

**Indikator: Kvalitativ vurdering (BDR)**

#### **Misjon og vennskapssamarbeid**

SMM Bjørgvin har dei seinare åra arbeidd med korleis misjon skal sjå ut framover lokalt og internasjonalt. I ei tid der vestlege folkekyrkjer går ein del tilbake i oppmøte og engasjement, må vi lære av dei landa der sekulariseringa har kome endå lenger enn hjå oss. SMM-organisasjonane med kontakt og arbeid i ulike land har difor mykje å lære oss. Og det er også avgjerande i denne tida at organisasjonane kjenner godt til kvarandre og dei lærdommane den enkelte organisasjonen har fått med seg.

Misjon handlar om kyrkja sitt oppdrag, både ovanfor den verdsvide kyrkja og i alt arbeid ein gjer i kyrkja lokalt. Difor er impulsane frå den misjonale tenkinga viktig. Vi treng engasjement i lokalkyrkjelydane både for å kunne lukkast med kyrkja sitt globale oppdrag ved misjon og for å lukkast med å skape gode lokale fellesskap. Misjonstenking er ein ressurs for den lokale kyrkjelyden samtidig som den hjelper oss å halde på det store biletet; det globale oppdraget.

Ein av deltakarane på tur til Cuba i januar 2024 seier: "Cuba er eit land som set seg i hjarta på ein. Me har faktisk mykje å læra av folket på Cuba. Det håpet dei hadde. Og den gleda dei hadde. Når me var på besøk i ein liten liten menighet langt oppi ein ås utanfor Santiago del Cuba var dei kjempeglade for at me kom på besøk, tok selfie med oss, og ungane hadde laga dans til oss som dei framførte i gudstenesta."

I dette arbeidet er misjonsavtale ei hjelp. Organisasjonane har ein del ressursar som kyrkjelydane kan få del i gjennom avtalene og kyrkjelydane støtter med offer og gåver. Vi registrerer at gåvene frå kyrkjelydane ikkje held tritt med prisauken. Det er eit stort potensiale i å arbeide med givarteneste. Det er grunn for å tru at kollekt ved Vipps fører til høgare snittbeløp enn det var ved berre bruk av kontantar. Sjølv om det er blitt færre givarar har faktisk beløp halde seg ganske bra.

År	Misjonsavtalar
2024	124
2023	125
2022	125
2021	131
2020	131

Det var i 2024 124 misjonsavtalar i Bjørgvin knytt til SMM-samarbeidet (SSB-tal). Det er litt ulike tal frå SSB og det vi får rapportert via SMM-organisasjonane. Det har vore reduksjon i

tal på sokn i Bjørgvin, og ein del sokn er så små at det ikkje er aktuelt å lage skriftlege misjonsavtalar. Ein del kyrkjelydar har avtaler med andre organisasjonar som ikkje er del av SMM-arbeidet. Fleire kyrkjelydar har to eller fleire avtaler, med same (ulike prosjekt) eller ulike organisasjonar. 124 kyrkjelydar har avtale, men totalt avtaletal er høgare fordi nokon har fleire avtaler.

### 3.B.2.3.2. Vennskapsbispedøme

#### Resultatmål: Dnk synleggjer at ein høyrer til i den verdsvide kyrkja

Bjørgvin bispedøme vedtok i 2021 å starte venskapssamarbeid med den lutherske kyrkja på Cuba: *Iglesia Evangélica Unida sí nodo luterano* (forkorta IEU). Samarbeidet er koordinert gjennom Normisjon og handlar om gjensidig forbøn, nettkontakt, vitjingar, studiereiser og økonomisk støtte til løner. Kyrkjelydane i bispedømet vart bedne om å gi eit årleg offer til Cuba-samarbeidet, gjerne som ein del av ein «Cuba-søndag».

Tur til Cuba i 2024

I januar 2024 var rundt tjue personar frå ulike kyrkjelydar i Bjørgvin av garde på ein kyrkjelydstur. Det var ein kombinasjon av feriedagar og besøk hos våre venskapskyrkjelydar. Dette har skap eit stort engasjement, både i Gulen, på Salhus og på Stord, for å nemne nokre av dei stadene som no arbeider med å få til ei ny hjelpesending til Cuba.

Bjørgvin bispedømeråd skal i februar ha som sak korleis ein skal ta venskapssamarbeidet vidare. Det vert sendt brev om kyrkjelydsoffer, og det er mogleg å vere privat støttespelar. Ein kan og finne ut korleis ein kan bidra inn mot innsamlinga dei held på med på Stord.

Det kan vere at ein ny kyrkjelydstur skal planleggast for 2026, og at biskop Ragnhild då vil vere med. Vi har knytt venskapsband med ei lita minoritetskyrkje, og dei gjer mykje med små ressursar. Vennskap forpliktar og vi vil søke å finne gode vegar for å halde dette samarbeidet oppe.

Bispedømet har og eit venskapssamarbeid med Southwark Diocese, Church of England, i London. Der har det ikkje vore offisielle felles tiltak i 2024.

### 3.B.2.3.3. Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

#### Resultatmål: Barne og ungdomsorganisasjonane deltar i kyrkjelydane

Satsinga på ungdom og unge vaksne har mange ulike element. Satsinga i St Jakob er kanskje mest synleg sidan det der no er særstakt mykje godt som skjer. Samarbeidet med Norges KFUK-KFUM rundt Ung i Bjørgvin er meir usynleg, særleg den delen som hjelper kyrkjelydane til å starte opp eller utvikle ungdomsarbeid lokalt. Fem kyrkjelydar søkte om å få vere med på dette, og til dømes i Skjold er det no etter to års systematisk arbeid etablert eit ungdomsarbeid med stort lokalt eigarskap hos ungdommane i kyrkjelyden. Her har kompetanse frå ein ungdomsorganisasjon arbeidd tett med kompetansepersonar i lokal kyrkjelyd, og kyrkjelyden har våga å la seg bli utfordra på korleis ein nytter ressursane og korleis ein metodisk arbeider for å høyre kva ungdom lokalt ønsker skal skje.

Konfirmantleiren Camp Vestland er og ein del av prosjektet, og det er ein kultur for at sjølv om det er KFUK/M som er inne, så sender kyrkjelyden konfirmantane på KRIK sin konfirmantleir. Det er to store leirar på Framnes der KRIK brukar vinterferien og KFUK/M haustferien. I Nordfjord, Sunnfjord, Nordhordland og Sunnhordland er bispedømet sitt Saman team inne som ressurs for desse konfirmantfestivalane. Det er også systematisk arbeid med

leiartrening rundt desse prosjekta. Bispedømet har også arbeidd systematisk med Vegkryss, ei samling for unge leiarar og der òg ungdomsdemokratiet inngår. I 2024 vart det regionale Samarbeidsråd for Barne- og Ungdomsorganisasjonar oppretta som organ (SBU). Det er alle dei barne- og ungdomsorganisasjonane som har skrive under avtalen og som har lokallag i Bjørgvin; Søndagsskulen, NMSU, Laget, Misjonssambandet Ung, Acta, Ung Kyrkjesong, KFUK-KFUM Norge, KFUK-KFUM speidarane og KRIK. Det har vore eit møte om våren og eit om hausten, både på Teams og med fysisk oppmøte. Det var valt eit AU frå KFUK-KFUM Norge, Søndagsskulen og NMSU som saman med rådgjevar har etablert ei nettside som kan fungere som ein ressurs, ein stad der sokna i kyrkja kan finne ut meir om det som dei ulike organisasjonane står for.

## 3.B.3 Kyrkja er meir for fleire

### 3.B.3.1. Gir ein stad å høyra til, skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt

Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vera kyrkje på

#### Kyrkjetorget i Florø

Soknerådet i Florø har lenge ønskt seg eit kyrkjelydshus og i januar fekk dei kjøpa Florø misjonsheim. No har dette blitt Kyrkjetorget i Florø med både forsamlingslokale og kontor for kyrkja. Over 20 damer er i full sving med bruktbutikk som har overskot til nedbetaling på huslånet og meir til. Butikken har skapt eit godt miljø, både for betening og kundar. Ein dugnadsgjeng fiksar på huset kvar onsdag og haldninga til kyrkja har blitt veldig positiv.

Bowl - World Café serverer internasjonal mat eit par gonger i månaden. Her blir ein kjent med folk frå mange land, og gamle Florø-væringar blir kjent med andre bysbarn dei aldri har snakka med før. Soknerådet er arrangør saman med frivilligentralen, LEV VEL kultur og helse og Kurs KF. Lærdomn av huskjøpet er å gripa sjansen, våga seg utpå.



Bowl internasjonal middag har blitt ein populær møteplass på Kyrkjetorget i Florø. Foto: Florø frivilligentral

### 3.B.3.1.1. Digital kyrkje

#### Resultatmål: Kyrkja sitt digitale nærvær aukar

##### Økter og brukarar på heimesidene. Følgjarar og trafikk på Facebook.

kyrkja.no/bjorgvin	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Økter	53696	67047	48333	51718		
Unike brukarar	27769	34958	30564	33300		
Sidevisningar					81620	
Unike sidevisningar						67977

Vi har ikkje tilgang til statistikk for nettsidene for 2023.

##### Følgjarar på facebooksider

Etter at Ragnhild Jepsen vart innsett som biskop, oppretta ho profilen Biskop Ragnhild på facebook. Denne profilen fekk raskt mange følgjarar og har om lag 2204 følgjarar pr. 28. februar 2025. Dette er ein auke frå 1860 følgjarar 1. januar 2024. Innhaldet har variert mellom korte betraktingar og hendingar biskopen har vore med på. Mest merksemd fekk eit biletet og ei bøn ved skulestart, lånt frå Den svenske kyrkja. To andre bilete med kommentar fekk også stor rekkevidde: Eit biletet av ein «pieta», ein skulptur med Maria som held den døde Jesus i hendene sine og eit biletet av eit tent ljós med ei bøn for det amerikanske folket etter presidentvalet, inspirert av ei bøn frå den svenske erkebiskopen.

**Bjørgvin bispedøme** sin eigen facebookprofil hadde pr. 28. februar 2025 1267 følgjarar. Dette tilsvarer talet frå 1. januar 2024 (1264 følgjarar). Størst rekkevidde fekk ein post med førehandsomtale av at festgudstenesta som markerte kristenretten 1000 år på Moster skulle sendast på Nrk TV. Mindre rekkevidde, men fleire reaksjonar fekk ein post om at det nye bispedømerådet var konstituert med Oddny Miljeteig som leiar og Dag Sele som nestleiar.

### 3.B.3.1.2. Universell utforming og inkludering

#### Resultatmål: Universell utforming av og i kyrkja vert styrka

##### Indikator: Kvalitativ vurdering

##### Inkluderande kyrkjeliv

Tilbod i kyrkjelyden for menneske med utviklingshemming					
2019	2020	2021	2022	2023	2024
47	42	44	43	52	53

Talet på tilbod for menneske med utviklingshemming er stabilt samanlikna med 2022 og den talmessige auken skuldast i nokon grad underrapportering tidlegare år. Tilboda til utviklingshemma handlar i stor grad om klubbarbeid, konfirmantundervisning «Konf+» og tilrettelagte gudstenester, men også andre lokale tiltak som julefesttradisjon der denne gruppa også er med.

Konfirmanttilbodet til ungdomar med utviklingshemming i Bergen er organisert som eit fast tilbod, Konf+ i Åsane med ein av prestane og vernepleiar Annette Lid Ussi. Ho er koordinator og ansvarleg ressursperson for arbeidet i sokna Bergen. Det har siste året òg vore tilbod om Konf+ i Fana. Gjennom denne stillinga er BKF fast representert i inkluderingsutvalet til bispedømet. Nasjonalt er Jostein Bildøy, Roar Strømme og Annette Lid Ussi med i det nasjonale nettverket for inkludering i kyrkja. Gjennom dette har dei vore involvert i planlegging og gjennomføring av HEL-konferansen, men det er usikkert korleis denne vert organisert vidare. Roar Strømme bidrar elles med kurs og inspirasjon både lokalt og nasjonalt.

I Bergen er det fleire tiltak inkludert eit utstrekkt klubbarbeid i mange sokn, til dømes i Åsane med Konf+ for konfirmantar og vaksne, supplert med temasamlingar og laurdagskafé for vaksne med utviklingshemmingar. Avtalen med «Helt med» om å legge til rette for arbeidsplassar for menneske med utviklingshemming i kyrkja har blitt løfta fram.

Fredag 19. april feira Klubb+ og Klubb Xtra sine 15-årsjubileum med fest i Åsane kirke. Det er klubbtildot for ungdom (Klubb+) og unge vaksne (Klubb Xtra) i Åsane kyrkje annankvar onsdag.

Utfordringa på dette området er at det er behov for å legge til rette for samspel for styrking av tilbod i kyrkjelydane. Bispedømet kan informere og inspirere, men arbeidet må forankrast lokalt. Det er også viktig å minne kommunane om at retten til trus- og livssynsutøving også gjeld utviklingshemma, og halda fram å tilby kurs om menneske med utviklingshemming og sorg.

### **3.B.3.1.3. Kyrkjelydsbygging - møteplassar og fellesskap**

#### **Resultatmål: Folkekirkja tilbyr ulike møteplassar og fellesskap**

##### ***Indikator: Kvalitativ vurdering – gode historier***

Bjørgvin bispedøme har arbeidd jamt og trutt med vaksenundervisning eller trusopplæring for vaksne. Ei av satsingane har blitt kalla "Tid for tru" og er så langt blitt til tre ressurshefte med grundig metodisk rettleiing og med omfattande ressursar for å halde bibelundervisning for vaksne. Konseptet liknar på Alpha-kurset og inneholder mat, undervising og samtale i grupper. Hefta er utarbeidd av prest Bjørn K. Nygaard. Det første kom i 2014 og temaet var truvedkjenninga, i 2018 kom heftet om Filipperbrevet og i 2022 eit heft om Første Korintarbrev. Hefta blir brukt i bispedømet, men også andre stader i landet, og inspirerer også til å drive undervisning med lokale ressursar. Vaksenundervisning kan vere kyrkjelydsbyggjande, og ny plan for kyrjeleg undervisning vil fokusere meir på opplæring også for vaksne.

Kyrjeleg vaksenundervisning og fellesskap	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Bibelgrupper, samtalegrupper eller husfellesskap</b>	66	62	62	66	68	64
<b>Tal på grupper</b>	226	207	211	196	189	183
<b>Bibelkurs</b>	21	26	22	22	27	22
<b>Deltakarar bibelkurs</b>	957	674	748	857	1093	811
<b>Hadde kyrkjelyden andre opplæringstilbod?</b>	35	19	26	35	30	30
<b>Tal på grupper</b>	165	100	115	87	92	107

Vaksenundervisning krev ofte stabile kyrkjelydar med gode strukturar, og er sårbart ved vakansar og endring i personell. Slike samlingar er ei satsing i ny plan for kyrkjeleg undervisning og læring. Sjølv om ein ikkje har fått rammeplan for vaksne ennå, er det viktig arbeid i seg sjølv, men også i å utruste kyrkjelydane med kunnskap som igjen til dømes kan nyttast i arbeid for yngre generasjonar.


### 3.B.3.1.4 Frivillig teneste

#### Resultatmål: Fleire vert engasjert til frivillig teneste i kyrkja

Bjørgvin bispedøme sin strategi 3:

Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka ved å

- inspirere fleire til å bruke sine evner og gåver i friviljug teneste
- nytte systematiske verktøy i rekruttering og oppfølging
- fremje gjeverateneste



#### Indikator: Tal på frivillige (splitta på i kva samanhengar)

Frivillige i Bjørgvin bispedøme	2019	2021	2022	2023	2024	Endring i	Endring i % 2023-2024
						% 2019- 2024	
<b>Totale tal på frivillige</b>	<b>12 120</b>	9299	10359	10876	<b>11315</b>	-6,64	4,04
<b>Gudstenesteplanlegging og gjennomføring</b>	<b>4 503</b>	3507	4073	4152	<b>4770</b>	5,93	14,88
<b>Barnearbeid (0 - 12 år)</b>	<b>2 486</b>	1410	1803	1713	<b>1714</b>	-31,05	0,06
<b>Ungdomsarb. (13 + år)</b>	<b>2 061</b>	1411	1600	1420	<b>1579</b>	-23,39	11,20
<b>Diakonalt arbeid</b>	<b>2 076</b>	1654	2270	2022	<b>1964</b>	-5,39	-2,87
<b>Kunst- og kulturarbeid</b>	<b>2 053</b>	1440	2011	2202	<b>2371</b>	15,49	7,67
<b>Komitear og utval</b>	<b>2 927</b>	2699	2821	2968	<b>2807</b>	-4,10	-5,42
<b>- av dette i sokneråd</b>	<b>1 661</b>	1366	1406	1659	<b>1483</b>	-10,72	-10,61
<b>I anna frivillig arbeid</b>	<b>1 846</b>	1378	1591	1457	<b>1681</b>	-8,94	15,37

### 3.B.3.1.5. Fellesskap for nye i Noreg og flyktningearbeid

**Resultatmål:** Fleire kyrkjelyder tilbyr fellesskap til nye i Norge.

**Indikator:** Tal på kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid

Tilbod retta mot innvandrarar				Tilbod retta mot andre utsette grupper			
2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024
16	38	44	44	7	18	20	26

### 3.B.3.1.6. Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet

Bjørgvin bispedøme sin strategi 5:

Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet ved å

- møte folk der dei er i livet og skape inkluderande fellesskap
- samverke med lokale aktørar
- vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling



Kyrkja har eit stort potensiale til å skapa møteplassar fordi ho i prinsippet er relevant for alle generasjonar. Dei mange babysong-gruppene er eit godt døme på å møta folk der dei er i livet og skape inkluderande fellesskap. Talet på deltagarar på baby- og småbornssong har auka frå 4319 til 5419..

Det same er tilbod av typen «middag i kyrkja», ofte med småbarnsfamiliar som primærmålgruppe. Nytt i statistikken for 2023 var spørsmålet om kyrkjelyden har organiserte, faste middagsfellesskap. Det svarte 43 sokn at dei har. For 2024 har talet auka til 55.

Nokre kyrkjelydar er godt synlege på ulike kommunikasjonskanalar. Det er mange kyrkjeblad i bispedømet som når ut til mange i lokalsamfunnet med eit innhald som til dels kan vera nokså sterkt prega av kyrkja sine aktivitetar, men det er også eksempel på stoff som angår dei i lokalsamfunnet som ikkje er opptekne av livet innanfor kyrkja sine vegger. Nettsider og sosiale medium krev ressursar, nokon klarer prioritera dette, men det er eit stort potensiale i å bli betre og meir synlege.

### 3.B.3.1.7. Digitale verktøy

#### Resultatmål: Kyrkja sine verktøy for digital samhandling vert utnytta

*Digital møteverksem og kurs - «Konfirmantfokus»*

Både bispedømekontoret, prostane, prestane og mange stabar brukar digital kommunikasjon som Microsoft Teams til møter. Bispedømet sine rådgjevarar har brukar Teams og Zoom for både kurs og samtalar.

Hausten 2024 skipa undervisningsrådgjevar til to digitale «Konfirmantfokus» er for alle som har med konfirmantar å gjera uavhengig av stilling. Det første var med fokus på konfirmantbibelen med Bendik Vollebekk frå Bibelskapet med samtal og grupper i digitale «break out rooms», om korleis brukar bibeltekster i konfirmantarbeidet og kva salmar som konfirmantane møter. Den andre samlinga var med fokus på presentasjon av ulike konfirmantopplegg. Det var god deltaking frå rundt 20 interesserte på kvar og det viser at eit slikt spissa tiltak når fram til dei som treng det.

Kommunikasjonsrådgjevar hadde digital samling om korleis kyrkjelyden kan kommunisera advent og jul.

### 3.B.3.1.8 Deltaking i kriseteam og beredskapsråd

#### Resultatmål: Kyrkja si rolle i sivilsamfunnet vert styrka

*Indikator: Deltaking i kommunale kriseteam. Deltaking i fylkesberedskapsråd.*

*Kvalitativ vurdering*

Bispedømet deltek i fylkesberedskapsrådet med domprosten og med personalrådgjevar som vara. Det er nær kontakt med Bergen kommune om dei endringane som har skjedd på det kommunale området. I distrikta er ofte kontakten tettare, og slik sett er samarbeidet godt fungerande, og kyrkja inkludert. Alle prestar skal gjennomføre eit digitalt kurs, sendt frå bispedømekontoret, før ein har beredskapsteneste

Kurset, og ein blogg er utvikla av domprosten i samarbeid med ressursar på dette området, knytt til fagmiljøet på universitetet i Bergen.

Når det gjeld deltaking i kommunale kriseteam er prest og/eller diakon med i dei aller fleste kommunar. Det er ei auka merksemd både i kyrkja og kommunane på både kriseberedskap og psykososiale kriseteam. Kyrkja vert dei fleste plassar rekna med som ein naturleg del av desse.

Det er generelt gode tilbakemeldingar på prestane sin innsats i kriser og etter ulukker, med open kyrkje og liknande tiltak.

#### Sokneråd i beredskap

I Florø kan vakthavande prest lova open kyrkje i samband med ei ulukke eller liknande.

Våren 2023 vedtok soknerådet ein avtale om å stilla opp når det er bruk for det. -

Hausten same året opplevde lokalsamfunnet vårt ei ulukke der tre ungdomar døydde. Då kriseteamet gjekk inn for at kyrkja burde vera opne, kunne eg berre ringa til soknerådet, så opna dei kyrkja og stod for alt det praktiske rundt dette. Det er veldig godt å vita at me har dei i ryggen, seier sokneprest Erling Nydal.

### **3.B.3.2. Skaper ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass**

#### **3.B.3.2.1. Trivsel og arbeidsfellesskap**

**Resultatmål: Kyrklege medarbeidarar trivst i jobben og har eit inkluderande og likestilt arbeidsfellesskap**

##### **Indikator: Sjukefråvær**

	%	1-3 dagar	4-16 dagar	>16d
Bjørgvin	6,06 %	0,54%	0,88%	3,93%
Kvinner	8,10 %			
Menn	4,42 %			

\*Sjukefråværstala er henta i frå SD Worx. Fråværstala er rekna på bakgrunn av mogelege dagsverk. Skilnader mellom kvinner og menn i tal sjukefråværsdagar var ikkje tilgjengeleg frå SD Worx.

Bjørgvin har hatt eit samla sjukefråvær for prestetenesta og administrasjonen på 6,06 % i 2024. Prestetenesta åleine har hatt eit sjukefråvær på 4,69 %. Det er ein auke frå 2023.

Sjukefråvær Bjørgvin presteskapet og administrasjonen:

Årstal	2022	2023	2024
Sjukefråvær	4,68 %	2,91 %	6,06 %

Fråvær vert følgt opp i samsvar med rutinane i handbøkene.

##### **Likestilling, inkludering og mangfold**

Det er utarbeidd og vedtatt eit forventningsdokument og ein handlingsplan for Den norske kyrkjå når det gjeld arbeid med *Likestilling, inkludering og mangfold* (LIM). Med utgangspunkt i inkluderingsdugnaden og nemnde handlingsplan har Bjørgvin bispedøme nådd måla på følgjande punkt:

- Personar med hol i CV'en vert kalla inn til intervju
- Det har vore tilrettelagt for tilsette med nedsett funksjonsevne
- Opplæring i inkludering, likestilling, og mangfold

Eit døme på det siste er det blir jobba med møteplan for LIM-dagar i kvart prosti. Det vart gjennomført seks LIM-dagar i 2024, resten skal i 2025. Tilsette i begge arbeidsgjevar-linjene er med på samlingane.

### **3.B.2.2 Presteteneste**

**Delmål: Den norske kyrkjå skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra folkekirkje**

##### **Kyrklege handlingar pr prest**

I 2024 hadde vi 46,8 gudstenester per prest. I 2023 var det 48,6, ein nedgang frå 50,6 i 2022, men ein auke frå pandemiåra med 48 i 2021 og 44 i 2020. I normalåret 2019 hadde vi 53 og i 2018 51.

Det er ein nedgang i konfirmandar og gravferder per prest, medan det er ei auke i talet på vigsler og dåpshandlingar. I snitt er det då 88 kyrkjelege handlingar per prest mot 82 i 2023.

	Prestar	Konfir-mantar	per prest	Vigsler	per prest	Grav-ferder	per prest	Dåps-handlingar	per prest
<b>2024</b>	<b>158</b>	<b>4801</b>	<b>30,4</b>	<b>832</b>	<b>5,3</b>	<b>4334</b>	<b>27,4</b>	<b>3898</b>	<b>24,7</b>
<b>2023</b>	155,5	4 844	31,2	788	5,1	4 386	28,2	3646	23,4
<b>2022</b>	154	4 730	30,7	938	6,1	4 688	30,4	4123	26,8
<b>2021</b>	156,5	4877	31,2	595	3,8	4247	27,1	3899	24,9
<b>2020</b>	154	4 944	32,1	558	3,6	4189	27,2	3544	23
<b>2019</b>	155,15	5 102	32,9	748	4,8	4152	26,8	4126	26,6
<b>2018</b>	152,6	5 220	34,2	847	5,6	4259	27,9	4261	27,9
<b>2017</b>	152,15	5 247	34,5	885	5,8	4190	27,5	4503	29,6

### **Prestedekning**

Vi har i 2024 154,6 prestearsverk. Dette inkluderer også prostar og biskop. Av desse er 7,5 spesialprest på institusjon eller studiestad. 11 prostar gjer 50 prosent presteteneste. Det gjev 139,65 årsverk i kyrkjelydsteneste.

I tillegg har vi hatt mange vakansar. Vi har forholdsvis god tilgang på vikarar, mykje takka vere pensjonerte prestar. Både lokal prest og prost får eit meirarbeid når det er mange vikarar inne. Det blir difor ein slitasje over tid, når det er mange vakansar. I nokre prosti gjeld dette også stillingane i fellesrådslinja.

### **Aldersfordeling og stillingskategoriar faste og vikarar**

Tilsette pr 31.12.2024						
Aldersfordeling	39 år og yngre	40-49	50-59	60 +	Totalt	
Prostar + biskop	0	3	6	3	12	
Prosti- og seniorprest	2	0	5	5	12	
Spesialprest	6	1	2	0	9	
Sokneprest	11	21	42	32	106	
Kapellan	10	5	4	0	19	

Tala er henta frå Aditro Sdworx

### **Vurdering av bemanningssituasjonen**

Bjørgvin bispedøme har høg gjennomsnittsalder på presteskapet. To tredjedelar av presteskapet vert pensjonistar i løpet av dei neste 20 åra. Rekruttering til prestetenesta må vera langsiktig då utdanninga tek tid. PUU (prest under utdanning) er eit av fleire rekrutteringstiltak. Pensjonistar er en god ressurs i bemanningssituasjonen.

### **3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd**

#### **Biskopens nyårsommottaking**

Biskop Ragnhild Jepsen inviterte den 16. januar til nyttårsmottaking i Bergen domkirke. Godt over 150 frammøtte fekk høyra biskopen sitt syn på året som har gått og tankar om året som kjem.

#### **3.C.1 Visitasar**



*Biskop Ragnhild sin første visitas var i Sveio.*

I 2024 starta biskop på sin visitasrunde og hadde fylgjande visitasasar:

1. Costa Del Sol – Sjømannskyrkja, veke 5: 1.- 4. februar 2024
2. Sveio, sist 2010 – Sunnhordland prosti, veke 37: 11. – 13. og 15. september
3. Bremanger, sist 2010 - Nordfjord prosti, veke 43: 23. – 25. og 27. oktober
4. Sælen, sist 2010 – Bergensdalen prosti, veke 46: 12.- 13. og 17. november

Det vart starta ein prosess med å fornya mal for visitasane. Eit nytt element i visitasen er at biskopen i staden for å møta berre prestane i prostiet har eit møte med alle tilsette i prostiet under eller nær visitasen for å synleggjera at biskopen har tilsyn med alle yrkesgrupper. Visitasane vert fordelt slik at biskopen kjem attende til kvart prosti annakvart år.

Biskopen har tilsyn med Sjømannskyrkja sitt arbeid:

<b>Antall gudstjenester</b>	<b>1 451</b>
<b>Totalt antall deltagelse på gudstjenester</b>	<b>79 417</b>
<b>Totalantall vielser</b>	<b>412</b>
<b>Totalantall dåp</b>	<b>86</b>
<b>Totalantall konfirmanter</b>	<b>145*</b>
<b>Totalantall gravferd og minnemarkeringer</b>	<b>97</b>
<b>Antall nattverd</b>	<b>758</b>
<b>Totalantall deltakere i nattverd</b>	<b>36 178</b>

# IV: Styring og kontroll i verksemda

## 4.A. HMT/Arbeidsmiljø

Det overordna målet for arbeidet med Helse, miljø og tryggleik (HMT) i Bjørgvin bispedøme:

Det overordna mål er at tilsatte i Bjørgvin bispedøme skal ha eit arbeidsmiljø i samsvar med AML § 1 – 1, og som bidrar til at medarbeidarane kan utføre kyrkjas oppdrag på ein god måte.

### Delmåla i HMT-handlingsplan for Bjørgvin bispedøme

- 1.1 Trygt og helsefremmande arbeidsmiljø
- 1.2 Verksemda skal vere prega av eit systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.
- 1.3 Vi har eit arbeidsmiljø med moglegheit for utvikling og trivsel
- 1.4 Vi har eit arbeidsmiljø der involvering og medverknad står sentralt
- 1.5 Vi har eit arbeidsmiljø som tek ansvar når det gjeld vern om skaparverket

For å ivareta og nå det overordna målet for arbeidet med HMT i Bjørgvin bispedøme vart det planlagt a) samling for lokale verneombod, b) samling for hovudverneombod, c) stiftsdagar for alle kyrklelege tilsette i februar 2024 d) oppmoding om vernerundar i alle sokn.

I 2024 vart det planlagt for SOL-dagar (saman om å leie) for 2025. SOL-dagar skal gjennomførast i alle prosti. Da vert HMT-gjennomgang i samband med SOL-dag. HR på bispedøme tilbyr hjelp til prostiane med HMT-arbeid.

Ved nærmere gjennomgang vart det planlagt fleire tiltak for å sikre dei ulike delmåla. Detaljert handlingsplan er vedteke på RAMU.

Leiinga har eit godt samarbeid med hovudverneombod og stiftsstyreleiar. Det gjennomførast fire Kontaktmøte/RAMU på regionalt nivå årleg.

### Miljøfyrtårn

Bjørgvin bispedøme vart resertifisert som Miljøfyrtårn i mars 2023

- Kontorhandboka er digitalisert og tilgjengeleg i teams
- Arbeidet med miljøfyrtårn etter resertifiseringa er bidrag til dokumentasjon av godt arbeid. Det vurderast å avslutte arbeidet med Miljøfyrtårn, men at vi fortsett å være miljø-medvitne.
- Kontinuerleg arbeid mot FNs og Kirkens berekraftsmål

### Systematisk HMT-arbeid

Medverkinga vert ivareteke ved at det blir gjennomført fire kontaktmøte/RAMU på regionalt nivå årleg.

Introduksjonsprogrammet («onboarding») som vart utarbeida i 2022 er implementert og fungerar etter intensjonen.

Systematisk HMT-arbeid har også blitt ivareteke gjennom at alle fellesråd i Bjørgvin har vedteke og signert avtale om samordning. Arbeidet med å følgje opp avtalen om samordning

har byrja og det har vore løfta fram på samlingar og kurs med fellesråd og kyrkjeverjer (SOL-dagar og HMT-gjennomgang).

Arbeidsmiljøet i nokre prosti har hatt spesiell merksemeld. Det krev og tett samhandling med fellesrådet, og vi har nokre døme på at små fellesråd blir for sårbar i å handsama utfordingane ein står i.

Klima har òg vore i fokus i 2024. Tilsette i administrasjonen følgjer reisepolicyane til rDnk og registrerer dette via G travel.

Når det gjeld LIM så er det ei auka merksemeld på korleis ein lukkast best mogleg på dette LIM-kurs vart gjennomført i nokre prosti 2024. LIM-kurs vert gjennomført i alle prosti i løpet av 2024-2025.

## **Personalpresten**

Eit viktig tiltak for å betre arbeidsmiljøet og gje mot i tenesta er det arbeidet personalpresten gjer gjennom samtalar med prestane og gjennom m.a. å legga til rette for retreat, åndeleg rettleiing og arbeids-rettleiing (ABV).

## **Retreat og åndeleg rettleiing**

Retreatarbeid i Bjørgvin bispedøme har i 2024 halde fram samarbeidet med Haraldsplass diakonale stifting om Retreat Bergen. Om lag ein kveld i månaden er det kveldsretreat på "Søsterhjemmet" på Haraldsplass. I ei av vekene i faste- og adventstida har ein retreatsamlingar som går over to kveldar.

Bispedømet har i 2024 og halde fram tilbodet om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer tilbodet kan møte ein av desse. Dei åndelege rettleiarane vert òg følgde opp. Dei får rettleiing på arbeidet dei gjer, og har tilbod om sjølv å gå i åndeleg rettleiing.

Å leggje til rette for retreat og åndeleg rettleiing er viktige signal om verdien av tilboda.

Erfaringa syner og at dei betyr mykje for motivasjonen og arbeidsgleda til dei som nyttar seg av dei.

## **Arbeidsrettleiing (ABV)**

I 2024 har 14 ABV-grupper vore i aktivitet i Bjørgvin bispedøme med til saman 81 deltagarar. 57 av deltagarane har vore prestar tilsette i bispedømmerådet , og 24 deltagarar har vore medarbeidarar tilsette i kyrkjeleg fellesråd. Av dei 14 gruppene har det vore:

- 9 tverrfaglege grupper
- 1 seniorgruppe
- 2 grupper for prostar
- 1 gruppe for kyrkjeverjer
- 1 gruppe for ABV-rettleiarane med rettleiing på rettleiing

I hovudsak er samlingane i ABV-gruppene fysiske, men nokre av gruppene har og hatt samlingar på Teams. Det har vist seg å vere ei tenleg løysing i kombinasjon med dei fysiske samlingane.

Fleire prestar har og hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid, eller vore med i ordninga med å ha ein mentor. Ordninga med mentor er i hovudsak for dei som er nye i tenesta. Mentoren er ein røynd kollega ein kan samtale med om spørsmål og utfordringar i tenesta.

Alle ABV-gruppene i Bjørgvin er opne og kontinuerlege. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte. Når ein blir med bind ein seg for to år, og sidan for eitt år om gangen. Det varierer kor lenge ein er med i gruppene, men mange er med i gruppene over lang tid.

I 2024 har det vore åtte medarbeidarar som har leia ei eller fleire ABV-grupper. Fem av desse er ferdig utdanna arbeidsrettleiarar. Tre har leia ei ABV-gruppe som ein del av utdanninga. Desse er ferdig med utdanninga våren 2025. Rettleiarane vert fylgd opp fagleg. Dei får rettleiing på arbeidet dei utfører, og kvart år møter dei kvarandre på ein fagdag. Bispedømet har og ei styringsgruppe for ABV-arbeidet med medlemmer frå begge arbeidsgjevarlinene. I februar 2024 var det ei samling kor rettleiarane og styringsgruppa møtte biskopen til samtale om arbeidet.

Omlag ein tredjedel av prestane i Bjørgvin har i 2024 vore med i ei ABV-gruppe. I tillegg kjem eit aukande tal av fellesrådstilsette. Tilbakemeldingane og fortellingane om verdien av å vere med i ABV er mange både frå deltakarar og rettleiarar. ABV er eit av dei viktigaste HMT- og personalutviklingstiltaka vi har!

## 4.B. Likestilling

Bjørgvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja». Det er ulikt korleis dette ser ut i dei ulike prostia. Vi har framleis nokre prosti der det er få kvinner, mens det er og nokre prosti som har ein balansert fordeling. Arbeidsgjevar har i mange år lagt til rette for at kvinnelege arbeidstakarar kan bli med i eit kvinnenettverk som samlast to gonger i året.

Indikator 1: Kvinneandel – søknadar og tilsettingar 2024

Tal søknadar	Frå kvinner	Prosent kvinner av dette	Tilsettingar	Kvinner av desse	Prosent kvinner av dette
44	14	32%	14	4	28,6%

Dei siste åra har ein konsekvent tilsett fleire kvinner enn kvinneandelen av søkerane, dette har resultert i ein auke i tilsettingar av kvinnelege søkerar samanlikna med mannlige søkerar.

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Kvinnelege søkerar	45 %	20 %	23 %	48 %	45 %	22 %	35%	32%
Kvinner tilsett	50 %	33 %	24 %	27 %	56 %	27 %	45,5%	28,6%

Bispedømet ynskjer fleire kvinner til leiande stillingar.

### **Indikator 2: Kvinneandel i leiarstillingar, biskopar og prostar, bispedømekontoret**

Bjørgvin	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Administrasjonen	2	2	4	50
Presteskapet	3	8	11	27

Når det gjeld kvinnedelen i leiarstillingar i presteskapet ligg Bjørgvin bispedøme under landsgjennomsnittet. Det inneber at bispedømerådet må halde fram med å arbeide for å auke kvinnedelane i bispedømet, noko ein har eit tydeleg fokus på.

## **4.C Vurdering av internkontroll**

**Internkontroll:** Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har blitt følgd opp med eit arbeid med å systematisere dette ut frå rutinar i rettssubjektet. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg. Samstundes har vi sett at vi kan bli betre på dokumentasjon på at rutinar er følgt og er kjent.

Bjørgvin bispedøme hadde i 2021 ekstra fokus på opplæring av prostane. 2022 har vore prega av ein del sjukemeldte nøkkelpersonell som har forsinka nokon opplæringsprosessar. Vi har fornya kompetanse i HR-avdelinga for å betre kunne følgje opp det systematiske HMT-arbeidet, gjennomgå rutinar ved prosjektstyring og samarbeidsavtalar med fellesråda. Dette har danna grunnlag for auka tiltak for forbetring og læring i 2023. Vi har også hatt internrevisjon og gjennom det fått satt merksemrd på nokre områder vi kan forbetre. SOL-dagar (saman og å leie) og HMT-gjennomgang er planlagt for i alle prosti for 2025.

Vi vurderer også eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege tryggleiksutfordringar innanfor våre ansvars- og myndigheitsområde. Planverk ligg føre, og vi vurderer at rutinane fungerer etter intensjonen.